

Norske kommunestyrerepresentantar i europeisk lys

Rapport frå ei undersøking av representantar i 14 ulike land

Jacob Aars • Audun Offerdal



Uni Rokkansenteret, Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnsstudier, har en todelt publikasjonsserie. Publikasjonsserien redigeres av et redaksjonsråd bestående av forskningsdirektør og forskningsledere.

I rapportserien publiseres ferdige vitenskapelige arbeider, for eksempel sluttrapporter fra forskningsprosjekter. Manuskriptene er vurdert av redaksjonsrådet eller en fagfelle oppnevnt av redaksjonsrådet.

Det som utgis som notater er arbeidsnotater, foredrag og seminarinnlegg. Disse godkjennes av prosjektleder før publisering.

ISBN 978-82-8095-078-9
ISSN 1892-8366

Uni Rokkansenteret
Nygårdsgaten 5
5015 Bergen
Tlf. 55 58 97 10
Fax 55 58 97 11
E-post: rokkansenteret@uni.no
<http://rokkan.uni.no/>

Norske kommunestyrerepresentantar i europeisk lys

Rapport frå ei undersøking av representantar i 14 ulike land

JACOB AARS

AUDUN OFFERDAL

STEIN ROKKAN SENTER FOR FLERFAGLIGE SAMFUNNSSTUDIER

UNI RESEARCH AS, BERGEN

APRIL 2012

Rapport 1 – 2012

Innhald

FORORD.....	3
SAMANDRAG.....	4
SUMMARY.....	5
INNLEIING.....	6
KOMMUNESYN.....	7
HØGRE-/VENSTRE-PLOSSERING OG USEMJE I KOMMUNANE.....	18
SYN PÅ LOKALDEMOKRATIET.....	20
MAKT OG PÅVERKING.....	23
REFORMER.....	34
REPRESENTANTANE SIN BAKGRUNN.....	40
a) Erfaring.....	41
b) Sosial bakgrunn.....	43
PARTI.....	47
REPRESENTASJON.....	53
Oppgåver.....	53
Informasjon frå administrasjonen.....	58
Fokus for representasjon.....	60
MOTIVASJON OG KARRIERE.....	65
OPPSUMMERING – LIKT OG ULIKT.....	74
Likt.....	74
Ulikt.....	75
LITTERATUR.....	77

Forord

Rapporten presenterer resultat frå ei samanliknande undersøking av kommunestyrerepresentantar i 14 land i Europa. Rapporten byggjer på data samla inn gjennom det europeiske samarbeidsprosjektet MAELG (Municipal Assemblies in European Local Governance). Den norske delen av undersøkinga har fått finansiering frå Kommunal- og regionaldepartementet og Meltzerfondet. Vi vil nytte høvet til å takke for støtta. Utanom dei to forfattarane har Bjarte Folkestad, Hans-Erik Ringkjøb og Signy Irene Vabo deltatt i prosjektet. Dei to første har vore tilsette ved Uni Rokkansenteret, medan Vabo har vore tilsett ved Høgskolen i Oslo.

Samandrag

I denne rapporten legg vi fram nokre resultat frå ei samanliknande undersøking av kommunestyrerepresentantar i 14 land i Europa. Rapporten byggjer på data samla inn gjennom det europeiske samarbeidsprosjektet MAELG (Municipal Assemblies in European Local Governance). Problemstillingane i rapporten er særleg knytte til korleis dei valde representantane i dei ulike landa opplever rollen som representant, stillinga til kommunen i lokalsamfunnet, fordelinga av makt og påverking i kommunen, kontaktmønsteret til representantane, forholdet til den kommunale administrasjonen, haldninga til reformer av den kommunale organisasjonen, tidlegare erfaring, parti- og organisasjonstilknytning, og sosial bakgrunn.

Undersøkinga viser at det på mange områder er heller små skilnader mellom oppfatningane til kommunepolitikarar i Europa. Dei meiner alle at det er viktig for kommunen å trekkje til seg økonomisk aktivitet og å arbeide med å gjere infrastrukturen betre. Oppfatningane speglar vel også av den dominerande styringsfilosofien kjend under namn som målstyring. Synet på korleis makt og påverking er fordelt i kommunane er heller ikkje så ulikt frå det eine landet til det andre. Den reelle makta blir knytt til dei som innehar dei formelle institusjonelle posisjonane. Bakgrunnen til dei folkevalde er i hovudsak slik vi kjenner den frå andre undersøkingar. Den typisk folkevalde er ein middelaldrande mann med høg utdanning og inntekt.

Dei to nordiske landa skil seg likevel ut på fleire områder. Dei nordiske kommunalpolitikarane er i mykje større grad enn politikarane i dei andre europeiske landa opptekne av at det er ei viktig oppgåve for dei folkevalde å sikre innbyggjarane gode tenester. Dette må sjølvstundt sjåast i samanheng med skilnader mellom landa i kor viktige kommunane er som leverandørar av offentlege tenester. Vidare skil dei nordiske kommunane seg klart frå dei andre europeiske kommunane ved at dei er dominerte av partipolitikk og partipolitikarar. Dei nasjonale politiske partia gjennomsyrrar heile den politiske kommuneorganisasjonen. Representantane er valde på partilister, dei er aktive medlemmer av partia både på lokalt, regionalt og sentralt nivå. I sær dei norske, men også i ein viss mon dei svenske lokalpolitikarane framstår som meir kritiske til direktemokratiske reformer enn kollegene i resten av Europa. Dei nordiske kommunestyremedlemmene er mindre motiverte til å ta imot attval enn dei folkevalde i resten av Europa. På eitt område skil Norge seg markert frå resten av Europa og i ein viss mon også frå Sverige: Dei norske kommunepolitikarane er vakse opp i eit miljø der det i to generasjonar har vore nære slektningar som har hatt politiske tillitsverv. Dette er truleg resultat av at det i Norge er forholdsvis mange kommunestyremedlemmer og at utskiftinga frå val til val er stort. Det gir mange borgarar politisk erfaring og politisk kunnskap.

Summary

This report presents results from a comparative study of local councillors in 14 European countries. The report is based on data collected in the European collaborative project MAELG (Municipal Assemblies in European Local Governance). The main questions concern how councillors experience their roles as representatives, the role of local government, distribution of power and influence in the local community, the contact pattern of councillors, attitudes towards local government reforms, previous political experiences, attachments to parties and other associations, and social background.

In many areas the study reveals only lesser differences between the attitudes of councillors from different countries. They all give priority to activities aimed at attracting economic activity as well as improving local infrastructure. Moreover, the influence of New Public Management can be traced in all countries. Their views about local power are also fairly similar. Real power is seen as vested in formal institutional positions. Finally, regarding the social background of local councillors, the pattern is well known. The typical councillor is a middle-aged male with higher-degree education and above-average income.

However, the two Nordic countries stand out in several aspects. First, Nordic councillors very strongly emphasize the service delivery function of local government. Second, politics in the Nordic countries is more strongly dominated by national parties than what is found in the rest of Europe. Possibly as a consequence, Nordic local councillors, Norwegians in particular, appear to be especially unfavourable towards various forms of direct democracy.

As for recruitment, a comparatively low share of councillors in Sweden and Norway are prepared to stand for re-election. On the other hand, Norwegian councillors in particular are characterized by ties to relatives with local political experience. This probably reflects a situation in which there is a high number of councillors at the same time as turnover among them is high.

Innleiing

I denne rapporten legg vi fram nokre førebels resultat frå ei samanliknande undersøking av kommunestyrerepresentantar i 14 land i Europa. Rapporten byggjer på data samla inn gjennom det europeiske samarbeidsprosjektet MAELG (Municipal Assemblies in European Local Governance). Prosjektet er eit stort europeisk prosjekt der det blir lagt opp til samanlikning av lokalpolitikarar over heile Europa¹. Prosjektet blir gjennomført som eit samarbeid mellom forskarar frå 14 europeiske land.

Problemstillingane i rapporten er særleg knytte til korleis dei valde representantane i dei ulike landa opplever rollen som representant, stillinga til kommunen i lokalsamfunnet, fordelinga av makt og påverking i kommunen, kontaktmønsteret til representantane, forholdet til den kommunale administrasjonen, haldninga til reformer av den kommunale organisasjonen, tidlegare erfaring, parti- og organisasjonstilknytning, og sosial bakgrunn. Dette er alle faktorar som rettar søkelyset mot den politiske sida ved kommuneinstitusjonen. Korleis opplever kommunestyrerepresentantane sitt arbeid innanfor ein slik institusjon og korleis skifter oppfatningane frå land til land?

Vilkåra for å drive lokalpolitikk endrar seg over tid og dei varierer frå land til land. Prosjektet har særleg lagt vekt på endringar som fylgje av nye organiseringstendar med utgangspunkt i New Public Management (NPM) med innarbeiding av styringsteoriar frå det private næringsliv i offentleg administrasjon. Dette er ei utvikling ein kan spore i dei fleste land. I tillegg går det ei utvikling i retning av å styrkje den politiske eksekutiven gjennom t.d. direkte val av ordførar og innføring av parlamentarisme. Eit anna utviklingstrekk, som har samanheng både med NPM og styrking av eksekutiven, er indirekte styring gjennom andre organisasjonsstrukturar enn dei offentlege. Governance-omgrepet er her sentralt. I fleire land, men i noko ulik grad, er også det lokale partisystemet i endring. I nokre land blir det styrka, medan det i andre land synest å ha kome i vanskar. I dei fleste landa er det i tillegg også ei rekkje forsøk med å auke den direkte innflytelsen til borgarane. Alle desse endringane vil vi meine har betydning for korleis vervet som lokalpolitikar blir utøvd og kan utøvast. Det gjeld både kven som blir rekruttert til verva, kva karrieremønster som dannar seg, arbeidsvilkåra som blir dei folkevalde til del, og korleis rolla som politikar blir oppfatta og framført.

Prosjektet er viktig av fleire grunnar. Det rettar søkelyset mot det som er kjernen i kommuneinstitusjonen: dei folkevalde politikarane, og deira vilkår for å fylle sin plass i styringsordninga. Det er det politiske aspektet ved styringsordninga som skil den kommunale organiseringa frå måten ei privat bedrift eller føretak er organisert på. Og eit grunnleggjande spørsmål blir då korleis vilkåra for å fylle vervet som folkevald blir utfordra av dei nye endringane som kommuneinstitusjonen står overfor. Kva skjer med den kommunale styringsordninga når tenkjemåtar, teknikkar og verdjar frå andre organisasjonsformer blir importerte?

¹ Fleire av dei forskarane som har vore med i dette prosjektet var også med i eit prosjekt der ein undersøkte ordførarane i 17 europeiske land. Resultata er presentert i Bäck m.fl. 2006. Eit anna større samarbeidsprosjekt som har undersøkt politiske elitar på lokalt nivå i Europa, er presentert i Szücs og Strömberg (2006). Ei omfattande undersøking av haldningar til lokalpolitikk blant borgarane i europeiske land er rapportert i Vetter (2002)

Vidare vil eit så omfattande prosjekt som dette gje eit sjeldan høve til å svare på slike problemstillingar gjennom dei mange samanlikningar mellom ulike land og styringsordningar som det femner om. Den norske lokalstyreordninga vil bli stilt i relieff og sett saman med ei rekkje andre ordningar. Eit slikt bilete vil gje grunnlag for analysar av korleis dei ulike ordningane synest å fungere når det gjeld vilkåra for politisk arbeid lokalt. Gjennom det vil ein også kunne lære nye måtar å organisere lokalpolitikken på og dermed også lære av andre sine feil samstundes ein har høve til å lære om mindre bra sider ved det norske systemet.

I tillegg gjev prosjektet grunnlag for å plassere merkjesteinar i den norske lokalpolitiske kvardagen samstundes som den norske debatten om lokaldemokratiet vil bli sett i ein større internasjonal samanheng.

Dei data som rapporten byggjer på er i hovudsak innsamla gjennom administrering av eit felles spørjeskjema omsett til kvart nasjonalt språk. Kostnadane med innsamlinga av data blei finansierte av forskargruppene frå kvart land. Spørjeskjemaet er utarbeidd i fellesskap av alle forskarane som er med i prosjektet. Utvalet av kommunestyrerepresentantar varierer noko frå land til land, ikkje minst er svarprosenten på dei skjema som blei sende ut forskjellig. I tabellane har vi ført opp gjennomsnittsverdiar for det totale utval av representantar, men på grunn av dei ulike utvala gir det berre meining å samanlikna variasjonane mellom landa. Til saman er det samla inn spørjeskjema frå 11806 representantar. Av desse er det 1120 representantar frå norske kommunar over 10000 innbyggjarar. I tillegg har vi samla inn eit eige utval av representantar frå norske kommunar som har mindre enn 10.000 innbyggjarar. Dette utvalet utgjer 659 personar. Alle svarpersonane har fått identisk spørjeskjema.

Kommunesyn

Alle statar over ein viss storleik har ei eller anna form for lokalstyre. Det er også vanleg at det finst ei eller anna form for valde lokalstyreorgan, det vil seie kommunar. Men kva type kommunar som finst, varierer mykje mellom land, også i Europa. Eit hovudskilje kan ein seie går mellom landa i nord og landa i sør. I nord har kommunane jamt over fleire oppgåver. Samstundes er dei større. I dei sør-europeiske landa har kommunane langt færre oppgåver særleg innanfor velferdsfeltet. Her er også kommunestrukturen annleis, for eksempel har Frankrike om lag 36.000 kommunar. Nokre av dei er så små at dei knapt har innbyggjarar. Også Spania og Italia har mange kommunar. I tillegg til skiljet mellom nord og sør kan ein seie at dei aust-europeiske statane utgjer ei eiga gruppe, ettersom dei framleis er prega av omveltingane frå 1989, då dei gamle eittpartistatane blei styrta. Dette gav nytt rom for lokalt sjølvstyre og nye lokale elitar

Eitt av spørsmålsbatteria i undersøkinga handla om kommunens funksjonar, slik lokalpolitikarane opplever det. Spørsmåla dreier seg om kor viktige respondentane opplever at dei einskilde oppgåvene er for deira kommune. Resultata er vist i tabell 1.

Tabell 1: Hvor viktig er etter ditt syn de følgende målsettinger for din kommune?

		Å trekke økonomisk aktivitet til kommunen	Å utvikle tjenester/aktiviteter med høy kvalitet	Å restaurere eller bygge om kommunesenteret	Å forbedre infrastrukturen og kommunikasjons-tjenestene	Å forbedre kommunens utseende	Å utvikle fritidsaktiviteter og kulturtilbud	Å utvikle boligtilbudet	Å forsvare det tradisjonelle samholdet i lokalsamfunnet
1 Tyskland	Gj.snitt	3,61	3,47	2,87	3,11	2,93	2,73	2,34	2,80
	N	890	888	883	885	886	890	885	889
2 Sveits	Gj.snitt	3,23	3,13	2,74	3,06	2,80	2,55	2,67	2,59
	N	1582	1585	1575	1587	1584	1585	1585	1578
3 Tsjekkia	Gj.snitt	3,43	3,15	2,22	3,15	3,03	2,98	2,90	2,40
	N	621	621	620	619	621	622	622	621
4 Nederland	Gj.snitt	2,70	1,73	2,57	2,79	2,18	2,39	3,00	2,47
	N	1285	1282	1285	1288	1285	1273	1281	1275
5 Italia	Gj.snitt	3,22	3,22	3,21	3,42	3,02	3,08	2,94	2,84
	N	1166	1164	1169	1175	1170	1169	1169	1156
6 Sverige	Gj.snitt	3,73	3,31	2,71	3,64	2,78	3,13	3,43	2,55
	N	1330	1320	1325	1331	1322	1327	1333	1315
7 Kroatia	Gj.snitt	2,69	2,60	2,50	2,70	2,47	2,43	1,87	2,18
	N	299	295	295	296	294	293	291	289
8 Norge – Store	Gj.snitt	3,68	3,85	1,73	3,33	2,36	3,16	3,20	2,79
	N	1127	1129	1127	1129	1126	1128	1129	1127

		Å trekke økonomisk aktivitet til kommunen	Å utvikle tjenester/aktiviteter med høy kvalitet	Å restaurere eller bygge om kommunesenteret	Å forbedre infrastrukturen og kommunikasjons-tjenestene	Å forbedre kommunens utseende	Å utvikle fritidsaktiviteter og kulturtilbud	Å utvikle boligtilbudet	Å forsvare det tradisjonelle samholdet i lokalsamfunnet
Norge – Små	Gj.snitt	3,77	3,77	1,81	3,29	2,44	3,17	3,37	2,89
	N	656	658	656	655	656	658	657	656
9 Polen	Gj.snitt	3,32	2,82	2,78	3,17	3,09	2,77	2,85	2,73
	N	327	321	319	323	321	319	318	319
10 Austerrike	Gj.snitt	3,60	3,64	3,19	3,44	3,16	2,96	2,99	2,91
	N	433	433	430	431	431	434	433	431
11 Hellas	Gj.snitt	3,64	3,63	3,47	3,47	3,59	3,50	3,05	3,36
	N	510	510	507	511	511	511	510	511
12 Storbritannia	Gj.snitt	3,44	3,66	3,20	3,39	2,94	3,06	3,18	3,10
	N	674	675	675	672	672	674	673	669
13 Belgia	Gj.snitt	2,96	2,64	2,72	3,09	2,90	2,88	3,12	2,67
	N	837	826	829	840	838	837	841	828
14 Frankrike	Gj.snitt	3,42	2,95	3,39	3,03	3,29	3,15	3,03	3,04
	N	713	694	706	701	713	703	714	708
Total	Gj.snitt	3,33	3,11	2,76	3,21	2,82	2,89	2,95	2,72
	N	11794	11743	11745	11788	11774	11765	11784	11716

Tabell 1 forts.

		Å legge vekt på mangfold og toleranse i lokalsamfunnet	Å forbedre tjenestenivået og velferden i kommunen	Å redusere forurensing	Å forbedre kommunens omdømme	Å trekke til seg nye innbyggere	Å trekke til seg rikere innbyggere	Å styrke stillingen til kvinner i lokalsamfunnet	Å arbeide mot sosial utstøting og fattigdom
1 Tyskland	Gj.snitt	2,51	2,82	2,98	2,99	2,90	2,19	2,21	2,90
	N	887	883	889	889	890	889	885	884
2 Sveits	Gj.snitt	2,58	2,61	2,94	2,82	2,53	2,59	2,06	2,59
	N	1579	1583	1589	1587	1583	1584	1585	1582
3 Tsjekkia	Gj.snitt	2,25	2,90	3,08	3,08	2,83	2,37	1,99	2,50
	N	620	620	624	622	621	621	618	614
4 Nederland	Gj.snitt	2,52	2,52	2,52	2,16	1,71	1,42	1,65	2,87
	N	1276	1274	1277	1275	1276	1276	1275	1277
5 Italia	Gj.snitt	2,91	3,38	3,35	3,00	2,20	2,06	2,70	3,32
	N	1148	1166	1170	1164	1157	1154	1171	1173
6 Sverige	Gj.snitt	3,38	3,54	3,45	3,20	3,45	2,46	3,00	3,41
	N	1324	1324	1329	1321	1329	1322	1324	1327
7 Kroatia	Gj.snitt	2,48	2,84	2,80	2,51	2,10	1,87	2,37	2,78
	N	291	294	295	294	294	291	298	296
8 Norge – Store	Gj.snitt	3,26	3,57	3,22	3,02	3,04	2,02	2,36	3,39
	N	1127	1129	1129	1129	1128	1127	1127	1129

		Å legge vekt på mangfold og toleranse i lokalsamfunnet	Å forbedre tjenestenivået og velferden i kommunen	Å redusere forurensing	Å forbedre kommunens omdømme	Å trekke til seg nye innbyggere	Å trekke til seg rikere innbyggere	Å styrke stillingen til kvinner i lokalsamfunnet	Å arbeide mot sosial utstøting og fattigdom
Norge – Små	Gj.snitt	3,20	3,42	2,96	3,15	3,62	2,16	2,51	3,28
	N	658	658	657	656	657	657	657	658
9 Polen	Gj.snitt	2,27	2,95	3,09	3,12	2,48	2,43	2,15	2,93
	N	320	320	321	323	322	322	318	325
10 Austerrike	Gj.snitt	2,78	3,11	3,22	3,13	2,76	2,02	2,72	3,20
	N	431	427	433	432	432	433	431	428
11 Hellas	Gj.snitt	3,12	3,68	3,64	3,46	3,10	2,84	3,14	3,54
	N	509	511	511	510	508	509	510	510
12 Storbritannia	Gj.snitt	2,91	3,45	3,04	2,93	2,25	1,86	2,15	3,07
	N	672	671	674	674	674	669	665	667
13 Belgia	Gj.snitt	2,71	3,12	2,97	2,79	2,37	1,71	2,06	2,96
	N	835	835	836	837	839	828	831	835
14 Frankrike	Gj.snitt	3,13	3,11	2,80	3,26	2,87	3,07	2,97	2,03
	N	708	710	705	711	707	710	712	706
Total	Gj.snitt	2,82	3,10	3,07	2,93	2,62	2,19	2,36	2,98
	N	11727	11747	11782	11768	11760	11735	11750	11753

Spørsmålet om funksjonar viser at det å trekkje til seg økonomisk aktivitet til kommunen samla sett er den oppgåva som dei lokale folkevalde vurderer som den viktigaste dei held på med. Det nest viktigaste er arbeidet med infrastruktur. Det er noko overraskande at desse to oppgåvene også oppfattast å være særskild viktige mellom dei nordiske lokalpolitikarane. Velferdstenestene, medrekna skule, utgjer dei største budsjettpostane for nordiske kommunar, men denne undersøkinga viser at lokalpolitikarane ikkje nødvendigvis prioriterer oppgåver utifrå kva som budsjettmessig veg tyngst. Resultatet kan kanskje tolkast slik at den strategiske leiarrølla har fått fotfeste hos kommunestyrerepresentantane i dei nordiske kommunane. Både den svenske og den norske kommunelova frå byrjinga på 90-talet la opp til eit klarare skilje mellom politikk og administrasjon i kommunane, og i tråd med dette blei det understreka at politikaren skulle utøve eit overordna leiarskap og bruke mindre tid på einskildsaker. Det å arbeide for meir økonomisk aktivitet i kommunen må forståast som ei slik strategisk leiarskapsfunksjon.

Sjølv om økonomisk aktivitet og infrastruktur er viktige oppgåver, legg særleg dei nordiske kommunepolitikarane også stor vekt på tenesteyting. I Sverige og Noreg er desse oppgåvene klart viktigare enn gjennomsnittet i dei andre landa. Tenestesida er også viktig i Storbritannia og, overraskande nok, Hellas. Minst viktig er tenesteyting i Nederland, men samstundes ser vi at Nederland ligg lågast på mange av dei andre spørsmåla også.

Ser vi nærare på dei norske kommunane, finn vi at norske lokalpolitikarar er lite opptekne av tettstadutvikling. På dette punktet skil dei seg svært klart også frå svenskane. Her er det så å seie ingen forskjell mellom store og små kommunar i Noreg, men på nokre andre spørsmål finn vi forholdsvis klare skilnader. Det er ikkje så overraskande at politikarar frå mindre kommunar er meir opptekne av å trekkje til seg nye innbyggjarar. Mange kommunar slit med fallande innbyggjartal. Rike innbyggjarar er attraktive, men alt i alt er dei folkevalde på mindre stader mest opptekne av å skape allmenn vekst i talet på innbyggjarar, anten nykommarane er rike eller ikkje. Ein kan vidare tolke resultatata frå tabell 1 slik at politikarane i småkommunar ser på bygging av image som mulige verkemiddel for å skape folkeauke.

Eit anna aspekt ved kommunesynet til lokalpolitikarane er vurderingane av plassen til dei ulike organa og aktørane på det lokale planet. I tabell 2 har vi vist gjennomsnittstala for oppfatningar til respondentane på nokre utsegner som tek opp dette temaet. Tala i tabellen viser dei einskilde landas gjennomsnittlege plassering på ein fempunkts-skala, der 0 tyder svært usamd og 4 tyder svært samd.

Tabell 2: Hvor enig eller uenig er du i de følgende utsagnene?

		Politiske parti er de best egnede kanaler for folkelig deltakelse	En viktig oppgave for en kommunestyrerepresentant er å forsvare interessene til svakstilte grupper	Lokale folkeavstemninger fører til gode politiske debatter	Konkurransen mellom tjenesteytere gir innbyggerne muligheter for å velge tjenester	Desentralisering av lokalstyret er nødvendig for å involvere innbyggerne i de offentlige sakene	Det er mer effektivt å løse problem gjennom partnerskap mellom offentlige og private organ enn gjennom offentlig administrasjon og representative organ	Politiske vedtak burde ikke bare bli fattet av representative organ, men bli forhandlet frem sammen med berørte lokale aktører
1 Tyskland	Gj.snitt	2,78	2,90	2,42	2,46	2,37	1,84	2,43
	N	885	885	886	873	881	881	888
2 Sveits	Gj.snitt	2,81	2,56	2,57	2,30	2,17	1,90	2,43
	N	1583	1588	1585	1556	1559	1574	1583
3 Tsjekkia	Gj.snitt	2,44	2,69	2,38	2,98	2,59	2,16	3,11
	N	615	617	618	618	617	617	619
4 Nederland	Gj.snitt	2,54	2,50	1,54	2,10	2,11	2,35	2,46
	N	1262	1261	1264	1262	1263	1265	1266
5 Italia	Gj.snitt	2,71	3,00	2,40	2,78	2,67	2,22	2,54
	N	1156	1166	1143	1159	1141	1145	1155
6 Sverige	Gj.snitt	3,37	3,15	2,26	2,58	2,63	2,47	2,12
	N	1324	1319	1327	1327	1321	1323	1318
7 Kroatia	Gj.snitt	2,70	3,00	2,64	3,00	3,26	2,64	2,98
	N	296	299	296	297	296	297	296

		Politiske parti er de best egnede kanaler for folkelig deltakelse	En viktig oppgave for en kommunestyrerepresentant er å forsvare interessene til svakstilte grupper	Lokale folkeavstemninger fører til gode politiske debatter	Konkurransen mellom tjenesteytere gir innbyggerne muligheter for å velge tjenester	Desentralisering av lokalstyret er nødvendig for å involvere innbyggerne i de offentlige sakene	Det er mer effektivt å løse problem gjennom partnerskap mellom offentlige og private organ enn gjennom offentlig administrasjon og representative organ	Politiske vedtak burde ikke bare bli fattet av representative organ, men bli forhandlet frem sammen med berørte lokale aktører
8 Norge – Store	Gj.snitt	3,16	3,24	2,32	2,37	2,59	2,31	2,03
	N	1126	1130	1129	1128	1128	1130	1130
Norge – Små	Gj.snitt	3,06	3,07	2,31	2,20	2,67	2,32	2,07
	N	653	656	656	656	653	654	655
9 Polen	Gj.snitt	1,46	3,11	2,32	3,49	3,22	3,18	3,22
	N	325	326	324	323	325	327	326
10 Austerrike	Gj.snitt	2,82	3,08	2,74	2,45	2,50	1,97	2,67
	N	433	432	430	429	421	421	431
11 Hellas	Gj.snitt	2,32	3,22	3,01	2,78	3,11	2,51	2,93
	N	506	510	510	506	509	507	508
12 Storbritannia	Gj.snitt	2,79	3,11	2,01	2,28	3,07	1,95	2,53
	N	670	676	670	669	672	668	670
13 Belgia	Gj.snitt	2,45	2,89	2,19	2,09	2,32	2,07	2,62
	N	833	836	835	830	835	836	832
14 Frankrike	Gj.snitt	2,13	2,40	2,36	2,40	2,94	2,19	2,60
	N	697	697	692	683	698	697	693

		Politiske parti er de best egnede kanaler for folkelig deltakelse	En viktig oppgave for en kommunestyrerepresentant er å forsvare interessene til svakstilte grupper	Lokale folkeavstemninger fører til gode politiske debatter	Konkurransen mellom tjenesteytere gir innbyggerne muligheter for å velge tjenester	Desentralisering av lokalstyret er nødvendig for å involvere innbyggerne i de offentlige sakene	Det er mer effektivt å løse problem gjennom partnerskap mellom offentlige og private organ enn gjennom offentlig administrasjon og representative organ	Politiske vedtak burde ikke bare bli fattet av representative organ, men bli forhandlet frem sammen med berørte lokale aktører
Total	Gj.snitt	2,72	2,88	2,31	2,48	2,56	2,21	2,50
	N	11711	11742	11709	11660	11666	11688	11715

Tabell 2 forts.:

		Kvinnelige representanter kan bedre enn menn ta seg av kvinners interesser	Lokale byråkrater bør så langt som mulig holde seg til politisk definerte mål	Kvinnelige kommunestyremedlemmer samarbeider ofte i kommunestyret på tvers av partigrensene	De ledende kommunestyremedlemmer har høy integritet og det er ikke mulig å påvirke vedtakene ved å tilby ekstra goder til kommunestyremedlemmene	Politikere bør bare definere målsettinger og kontrollere utfallene og aldri blande seg inn i gjennomføringen til kommunedministrasjonen	Behovet for forandringer og omorganisering innen kommunesektoren er blitt sterkt overdrevet	Det er lite å oppnå ved å sette kommunale tjenester ut på anbud eller å privatisere dem	Mannlige og kvinnelige kommunestyrerepresentanter er opptatt av forskjellige spørsmål i kommunepolitikken
1 Tyskland	Gj.snitt	2,24	2,85	1,68	2,59	2,25	1,95	2,32	1,88
	N	887	884	884	881	885	876	886	889
2 Sveits	Gj.snitt	2,26	3,11	1,75	2,43	2,16	2,03	2,44	2,01
	N	1587	1585	1584	1572	1586	1566	1583	1586
3 Tsjekkia	Gj.snitt	1,96	2,04	1,91	2,24	2,34	2,07	1,94	1,43
	N	619	615	619	614	615	614	615	618
4 Nederland	Gj.snitt	1,83	3,15	1,68	2,94	2,60	2,42	1,92	1,65
	N	1263	1265	1262	1264	1288	1287	1286	1283
5 Italia	Gj.snitt	2,38	2,95	2,04	2,35	2,46	1,97	2,16	2,00

		Kvinnelige representanter kan bedre enn menn ta seg av kvinners interesser	Lokale byråkrater bør så langt som mulig holde seg til politisk definerte mål	Kvinnelige kommunestyremedlemmer samarbeider ofte i kommunestyret på tvers av partigrensene	De ledende kommunestyremedlemmer har høy integritet og det er ikke mulig å påvirke vedtakene ved å tilby ekstra goder til kommunestyremedlemmene	Politikere bør bare definere målsettinger og kontrollere utfallene og aldri blande seg inn i gjennomføringen til kommuneadministrasjonen	Behovet for forandringer og omorganisering innen kommunesektoren er blitt sterkt over-drevet	Det er lite å oppnå ved å sette kommunale tjenester ut på anbud eller å privatisere dem	Mannlige og kvinnelige kommunestyre-representanter er opptatt av forskjellige spørsmål i kommunepolitikken
	N	1159	1144	1099	1106	1147	1129	1141	1147
6 Sverige	Gj.snitt	2,39	3,82	1,81	2,95	2,70	2,15	1,83	2,28
	N	1323	1327	1322	1312	1319	1321	1323	1324
7 Kroatia	Gj.snitt	2,76	2,72	2,41	2,52	2,60	2,17	2,19	1,70
	N	298	292	292	287	296	294	290	292
8 Norge – Store	Gj.snitt	1,99	3,10	1,81	3,09	1,98	1,86	2,12	1,88
	N	1129	1129	1130	1128	1128	1129	1129	1130
Norge – Små	Gj.snitt	2,17	2,96	1,89	3,05	2,12	1,93	2,28	1,95
	N	655	650	654	654	653	655	652	655
9 Polen	Gj.snitt	2,29	2,16	2,10	2,20	2,90	2,47	1,68	2,03
	N	325	323	324	322	321	324	324	318
10 Austerrike	Gj.snitt	2,38	2,85	1,86	2,70	2,41	2,18	2,50	2,18
	N	432	432	429	428	425	411	411	421
11 Hellas	Gj.snitt	2,52	2,58	2,19	2,77	2,87	2,19	2,49	2,04
	N	511	510	511	511	509	509	510	510
12 Storbritannia	Gj.snitt	1,73	2,39	1,66	3,08	1,97	2,25	1,95	1,42

		Kvinnelige representanter kan bedre enn menn ta seg av kvinners interesser	Lokale byråkrater bør så langt som mulig holde seg til politisk definerte mål	Kvinnelige kommunestyremedlemmer samarbeider ofte i kommunestyret på tvers av partigrensene	De ledende kommunestyremedlemmer har høy integritet og det er ikke mulig å påvirke vedtakene ved å tilby ekstra goder til kommunestyremedlemmene	Politikere bør bare definere målsettinger og kontrollere utfallene og aldri blande seg inn i gjennomføringen til kommuneadministrasjonen	Behovet for forandringer og omorganisering innen kommunesektoren er blitt sterkt over-drevet	Det er lite å oppnå ved å sette kommunale tjenester ut på anbud eller å privatisere dem	Mannlige og kvinnelige kommunestyre-representanter er opptatt av forskjellige spørsmål i kommunepolitikken
	N	672	667	667	665	672	667	672	674
13 Belgia	Gj.snitt	2,06	2,76	1,68	2,66	2,08	2,14	2,20	2,20
	N	836	839	838	834	833	832	838	838
14 Frankrike	Gj.snitt	2,48	3,32	2,00	2,44	1,87	1,96	2,41	2,15
	N	693	697	700	694	697	688	692	693
Total	Gj.snitt	2,19	2,98	1,84	2,68	2,34	2,10	2,15	1,94
	N	11734	11709	11661	11618	11721	11647	11700	11723

Samla sett er det påstanden om at administrasjonen skal halde seg til politisk fastsette mål som får størst støtte blant dei spurde. Dette er ideen om målstyring. Som tidlegare nemnt kjem denne ideen tydeleg til uttrykk gjennom den svenske og den norske kommunelova. Jamvel om ideen blir målboren i kommunelovene i begge landa, ser det ut til at norma har større gjennomslag hos dei svenske lokalpolitikarane enn hos dei norske. Skilnaden på dei to landa kjem også til uttrykk i vurderinga av utsegna om at politikarane har til oppgåve å definere mål og kontrollere dei, og ikkje blande seg i gjennomføringa.

Ei anna utsegn der dei nordiske landa skil seg ut, er det som handlar om at dei politiske partia er den mest passende arenaen for folkeleg deltaking. Ikkje berre oppfattar nordiske lokalpolitikarar at partia er viktige i *kommunestyret*, men dei ser også på partia som dei viktigaste kanalane for innverknad for innbyggjarane. Det er ikkje stor skilnad på svara frå dei store og dei små kommunane i Noreg. Desse resultatata understrekar nok ein gong den sterke stillinga partia har i nordiske kommunar. Samanliknar vi alle landa i undersøkinga, ser vi at det er store skilnader når det gjeld dei folkevaldes haldning til dette spørsmålet. Medan partia er særleg viktige for dei nordiske lokalpolitikarane, er vurderingane heilt annleis i ein del andre land. Især dei polske kommunepolitikarane er skeptiske til partia, men partia har dessutan lita støtte i Frankrike og Hellas.

Vidare har nordiske og særleg norske politikarar sterk tiltru til seg sjølve når det gjeld evna til å stå imot forsøk på korrupsjon. Det same gjeld britiske lokalpolitikarar. Minst integritet i så måte har dei folkevalde i Polen, Tsjekia og Italia.

Høgre-/venstre-plassering og usemje i kommunane

Som vi har sett, spelar partia ei viktig rolle, særleg i dei nordiske kommunane. Ettersom partia som oftast er nasjonale organisasjonar, er dei med på å knyte band mellom det lokale og det nasjonale styringsnivået. I hovudsak er dei nasjonale partia organiserte etter høgre/venstreaksen i politikken, det vil seie i høve til synspunkt på økonomiske spørsmål. Kor stor rolle desse spørsmåla spelar varierer frå land til land og frå kommune til kommune (Skare 1996). Plassering langs denne dimensjonen vil likevel vere eit viktig orienteringspunkt for lokalpolitikarar i alle europeiske land. Men kanskje viktigare enn den gjennomsnittlege plasseringa på aksen, er spreininga rundt gjennomsnittet. Denne spreininga, her målt gjennom standardavviket, fortel om i kva grad einskildpolitikarar skil seg i frå gjennomsnittet i fordelinga. Om avviket er stort, kan det anten tyde at lokalpolitikken i einskilde kommunar er prega av usemje og motsetningar knytt til høgre/venstredimensjonen, eller det kan tyde at det er store skilnader mellom gjennomsnittet i ulike kommunar.

Tabell 3: Det er ofte snakk om en venstre–høyre-dimensjon i norsk politikk. Hvor vil du plassere deg selv på en venstre–høyreskala? (venstre = 0, høyre=10)

	Gjennomsnitt	Standardavvik	N
1 Tyskland	4,67	2,176	873
2 Sveits	4,67	2,640	1572
3 Tsjekkia	5,59	2,813	619
4 Nederland	4,80	2,285	1272
5 Italia	4,34	2,628	1157
6 Sverige	4,80	2,769	1309
7 Kroatia	5,06	3,021	292
8 Norge – Store	5,11	2,616	1110
Norge – Små	5,02	2,278	646
9 Polen	6,02	2,691	282
10 Østerrike	4,18	2,181	415
11 Hellas	4,72	2,453	508
12 Storbritannia	4,87	2,341	653
13 Belgia	4,75	2,222	820
14 Frankrike	4,68	2,551	717
Total	4,80	2,553	11599

I undersøkinga er svarpersonane bedne om å plassere seg på ein tipunkts-skala der 0 står for maksimal venstreorientering og 10 står for maksimal høgreorientering. Vi ser av tabell 3 at gjennomsnittspolitikaren i dei fleste landa plasserer seg nokolunde i sentrum. Dei polske kommunepolitikarane plasserer seg lengst mot høgre, med verdien 6,02, medan det østerrikske ligg nesten 2 verdiar lengre mot venstre, på 4,18. Desse to landa utgjør ytterpunktene. Dei norske lokalpolitikarane plasserer seg meir eller mindre midt på skalaen, men samstundes ser vi at dei plasserer seg noko til høgre for det samla gjennomsnittet. Svenskane ligg nett på gjennomsnittet for alle landa, 4,80.

Når det gjeld spreining rundt gjennomsnittet, finn vi at denne er størst i Kroatia og Tsjekkia. Ein kan kanskje seie at polariseringa er sterk i dei austreuropeiske landa ettersom standardavviket er forholdsvis stort også i Polen. Men i tillegg har Sverige og Italia relativt store avvik ifrå gjennomsnittet. Dette er noko overraskande, i alle fall utifrå den tradisjonelle konsensusorienteringa i svenske kommunar, men som sagt kan ei mogeleg tolking vere at lokalpolitikarane i ein einskild kommune er ganske samde, men at det er klare skilnader mellom gjennomsnittet i kvar kommune.

Når det gjeld dei norske kommunane, er det verdt å kommentere skilnaden i standardavvik mellom store og små kommunar. Dei store kommunane synest å vere noko meir polariserte enn dei små. Dette kan tyde på at konsensusorienteringa er sterkare i dei minste kommunane, men i

tillegg kan det vere uttrykk for at høgre/venstreaksen er viktigare i store enn i små kommunar. Dersom andre konfliktliner dominerer lokalpolitikken i ein kommune, eller dersom kommunen er karakterisert av kryssande konfliktliner, vil ein vente mindre klare utslag på høgre/venstreaksen.

Syn på lokaldemokratiet

Det vert ofte understreka at kommunane spelar ei spesielt viktig rolle som arenaer for folkeleg deltaking i politikken. Nærleik til sakene gjer at innbyggjarane har gode føresetnader for å engasjere seg (Sharpe 1970). Samstundes er det fleire verv som skal fyljast. Dermed blir fleire dregne med. Mange har understreka at kommunepolitikken såleis kan fungere som ein skule i demokrati, der einskildpersonar kan få erfaring med politisk arbeid, som dei i neste omgang kan ta med seg til verv på regionalt og nasjonalt nivå².

Nærleiksargumentet tilseier at demokratiet på lokalt nivå har større innslag av *direktedemokrati* enn demokratiet på nasjonalt nivå. Folk er tettare på dei problema som gjev opphav til politiske konfliktar, og dei har samstundes større høve til å kunne påverke direkte utfallet av dei politiske prosessane. Vidare kan ein seie at det *deltakardemokratiske* perspektivet er viktigare når ein studerer lokal enn nasjonal politikk. Her er atskillig fleire posisjonar som skal fyllast, både i parti og i kommunale organ. Dessutan har det lenge vore ein tendens i norske kommunar at gjennomtrekken mellom kommunestyrerepresentantane er stor (Larsen og Offerdal 1994:83; Aars 1998: 3f). Når mange vel å trekkje seg, får andre sjansen til å få lokalpolitisk erfaring.

Med andre ord kan det argumenterast for at den *konkurransedemokratiske* modellen, det at konkurrerande elitar kjempar om veljarane si støtte, i stor grad kan supplerast av ei direktedemokratisk forståing og ei deltakardemokratisk forståing. I kva grad dei politiske prosessane blir opna opp for andre enn dei folkevalde (og andre elitar), er for ein stor del avhengig av dei folkevalde sjølve. Spørjeskjemaet inneheldt derfor eit batteri av påstandar om ulike demokratioppfatningar. Det vart i alt formulert sju utsegner, der respondentane blei bedne om å krysse av på ein skala frå 0 til 4, der 4 tydde at ein var helt samd i utsegna.

² Om lag 91 % av representantane på Stortinget har vore medlemmar av kommunestyra. (Tala er utrekna av Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste).

Tabell 4: Folk har ulike oppfatninger av hvordan lokaldemokratiet bør fungere. Vær vennlig å angi hvor viktig du anser følgende krav å være for lokaldemokratiet.

		Innbyggerne bør delta aktivt og direkte i utarbeidelsen av viktige lokale vedtak	Innbyggerne bør ha muligheter til å gjøre sitt syn kjent før viktige lokale vedtak blir fattet av de valgte representantene	Bortsett fra å stemme ved valg bør innbyggerne ikke ha muligheter til å påvirke kommunens politikk	Vedtak i kommunestyret bør gjenspeile meningene til flertallet av innbyggerne	Folkevalgte bør fatte det de selv anser for å være de rette vedtakene, uavhengig av gjeldende oppfatning blant innbyggerne	Lokale politikere bør forsøke å skape enighet og felles verdioppfatninger blant innbyggerne/ lokale grupper	Resultatet av kommunevalgene bør være den viktigste faktor som bestemmer kommunens politikk
1 Tyskland	Gj.snitt	2,79	3,12	1,14	2,67	1,78	3,01	2,69
	N	880	884	841	881	865	883	876
2 Sveits	Gj.snitt	3,06	2,76	1,03	2,83	1,90	2,93	2,37
	N	1588	1587	1591	1586	1585	1583	1579
3 Tsjekkia	Gj.snitt	2,88	3,18	1,18	2,96	2,42	3,00	2,98
	N	622	624	598	621	618	621	621
4 Nederland	Gj.snitt	2,28	3,16	1,10	2,41	1,88	2,53	2,81
	N	1282	1287	1262	1283	1275	1278	1282
5 Italia	Gj.snitt	3,05	3,11	1,53	2,55	2,22	3,03	2,88
	N	1161	1162	1113	1141	1129	1152	1152
6 Sverige	Gj.snitt	2,38	3,15	1,20	3,13	1,97	3,10	3,31
	N	1307	1316	1283	1307	1294	1303	1306
7 Kroatia	Gj.snitt	2,94	2,97	1,86	3,28	2,24	3,01	2,98
	N	298	302	285	298	293	298	299
8 Norge – Store	Gj.snitt	2,79	3,30	1,28	2,78	2,26	2,75	3,12

		Innbyggerne bør delta aktivt og direkte i utarbeidelsen av viktige lokale vedtak	Innbyggerne bør ha muligheter til å gjøre sitt syn kjent før viktige lokale vedtak blir fattet av de valgte representantene	Bortsett fra å stemme ved valg bør innbyggerne ikke ha muligheter til å påvirke kommunens politikk	Vedtak i kommunestyret bør gjenspeile meningene til flertallet av innbyggerne	Folkevalgte bør fatte det de selv anser for å være de rette vedtakene, uavhengig av gjeldende oppfatning blant innbyggerne	Lokale politikere bør forsøke å skape enighet og felles verdioppfatninger blant innbyggerne/ lokale grupper	Resultatet av kommunevalgene bør være den viktigste faktor som bestemmer kommunens politikk
	N	1120	1126	1061	1117	1109	1120	1120
Norge – Små	Gj.snitt	2,82	3,18	1,37	2,80	2,27	2,83	2,92
	N	652	657	621	652	649	654	652
9 Polen	Gj.snitt	2,94	3,08	2,07	3,07	2,36	3,37	2,42
	N	320	322	313	323	321	322	321
10 Austerrike	Gj.snitt	3,00	3,12	1,42	2,85	1,69	3,19	3,07
	N	431	429	422	427	421	427	428
11 Hellas	Gj.snitt	3,42	3,41	2,25	3,22	2,73	3,20	2,74
	N	511	511	506	510	509	507	508
12 Storbritannia	Gj.snitt	2,78	3,35	1,31	2,36	2,53	2,96	2,40
	N	667	671	632	662	656	667	665
13 Belgia	Gj.snitt	2,33	2,88	1,37	2,78	2,17	2,86	2,69
	N	837	838	814	836	823	838	830
14 Frankrike	Gj.snitt	2,71	2,96	1,38	2,65	2,30	2,96	2,96
	N	706	711	707	709	704	704	703
Total	Gj.snitt	2,76	3,09	1,34	2,78	2,12	2,94	2,82

Størst samla støtte får utsegna om at innbyggjarane skal ha *høve* til å seie meininga si om viktige saker før politikarane gjer vedtak. Formuleringa er relativt moderat og kan gje grunnlag for ulike tolkingar. Meir interessant er det å observere at tilslutninga til det direkt-demokratiske perspektivet gjennomgåande er sterkare enn tilslutninga til det reine konkurransedemokratiet («Bortsett fra å stemme ved valg, bør innbyggerne ikke ha muligheter til å påvirke kommunens politikk.»). Flest som stør det direktedemokratiske perspektivet finn vi i Hellas, Sveits, Italia og Austerrike. Men i Hellas er det samstundes mange som meiner at innbyggjarane ikkje bør sleppe til utanom ved vala. Ser vi nærare etter, finn vi at dei greske respondentane ligg noko høgt på alle spørsmåla. Det er også mange av dei spurde i Polen som stør denne utsegna. Færrest som er samde i denne påstanden finn vi i Sveits, noko som ikkje er overraskande med tanke på den direktedemokratiske tradisjonen i landet.

Norske og nordiske lokalpolitikarar skil seg ikkje så klart frå dei gjennomsnittlege oppfatningane mellom dei europeiske kommunepolitikarane. Vi finn heller ikkje særleg store skilnader på haldningane til politikarar frå store og små kommunar i Noreg. Men det er ein viss tendens til at svarpersonar i store kommunar er mest samde i at *valresultatet* skal vere den viktigaste faktoren som avgjer politikken i kommunen. Kanskje kan dette sjåast i samheng med den sterke stillinga til partia i dei største kommunane. Partia er opptekne av at demokratiet går føre seg i det representative systemet, der valet er metoden for å finne fram til dei som skal fatte vedtaka.

Makt og påverking

I studiar av kommunar og lokalsamfunn har spørsmål om makt og påverking vore sentrale problemstillingar. Særleg på slutten av 1950- og dei første åra på 1960 talet var mange forskarar opptekne av kven som eigentleg styrer lokalt, er det ein einskapleg elite, særleg økonomisk elite, er det ein meir sektordelt maktstruktur der ulike elitar styrer innan avgrensa saksfelt, eller er det eit meir demokratisk lokalstyre der den jamne borgar er aktivt med og påverkar problemoppfatningar og løysingsframlegg. (Lukes 2005)

I undersøkinga stilte vi eit spørsmål som tok sikte på å kartlegge kommunestyrerepresentantanes oppfatning om kva påverking ulike aktørar innanfor så vel som utanfor den kommunale organisasjonen hadde på aktiviteten til kommunen. Spørsmålet hadde fylgjande ordlyd:

På bakgrunn av din erfaring som kommunestyrerepresentant i denne kommunen, og uavhengig av formelle regler, vennligst angi hvor innflytelsesrik hver enkelt av de følgende aktører er i forhold til kommunale organer og aktiviteter.

I spørsmålet kunne representantane gradere påverknaden på ein fempunktsskala frå «ingen påverking» til «svært stor påverking», Tabell 5 viser for kvart land korleis representantane i gjennomsnitt vurderer påverkingen til aktørane som er innanfor dei politiske og administrative organa i kommunen.

Tabell 5: «På bakgrunn av din erfaring som kommunestyrerepresentant i denne kommunen, og uavhengig av formelle regler, vennligst angi hvor innflytelsesrik hver enkelt av de følgende aktører er i forhold til kommunale organer og aktiviteter.» Gjennomsnittstal for kvart land og aktør. Interne aktører.

		Ordføreren	Byrådslederen	Lederne for utvalgene/komiteene	Formannskapet/byrådet	Enkeltmedlemmer i kommunestyret	Jeg selv	Etatslederne	Administrasjonssjefen rådmannen	Profesjonelle konsulenter
Tyskland	Gj.snitt	3,47	2,46	2,27	2,80	1,90	1,75	2,28	2,44	1,90
	N	881	598	723	589	864	868	831	715	819
Sveits	Gj.snitt	3,26	1,82	2,11	2,76	1,96	1,76	2,18	2,20	2,09
	N	1526	1581	1584	1582	1588	1586	1572	1526	1542
Tsjekkia	Gj.snitt	3,27		1,98	3,39	1,83	1,75	2,21	2,48	1,72
	N	623		617	625	619	617	621	617	597
Nederland	Gj.snitt	2,66		1,61	3,20	2,29	2,07	2,50	2,42	2,15
	N	1268		1140	1268	1266	1264	1265	1260	1226
Italia	Gj.snitt	3,71	2,05	1,58	3,04	1,34	1,53	2,76	2,83	2,14
	N	1190	1115	1139	1171	1165	1147	1141	1152	1132
Sverige	Gj.snitt	3,65	1,92	2,89	3,21	1,43	1,78	2,84	3,01	1,78
	N	1326	1318	1318	1315	1318	1312	1317	1310	1277
Kroatia	Gj.snitt	3,50	2,40	1,82	3,01	1,81	1,44	2,17		1,67
	N	303	300	250	300	302	295	299		272
Norge Store	Gj.snitt	3,10	3,02	2,45	3,03	1,81	1,95	2,59	3,28	1,86
	N	1125	214	1118	1117	1124	1121	1091	1114	1066

		Ordføreren	Byrådslederen	Lederne for utvalgene/komiteene	Formannskapet/byrådet	Enkeltmedlemmer i kommunestyret	Jeg selv	Etatslederne	Administrasjonssjefen rådmannen	Profesjonelle konsulenter
Små	Gj.snitt	3,10	2,79	2,31	3,03	1,83	1,97	2,50	3,26	1,88
		657	90	621	656	655	659	644	657	606
Polen	Gj.snitt	3,60	2,29	1,86		1,64	1,87	2,02	2,14	1,79
	N	325	323	323		320	311	316	311	285
Austerrike	Gj.snitt	3,74	3,22	2,33	2,38	1,87	1,77	2,65	2,36	1,97
	N	431	357	393	316	419	425	427	409	420
Hellas	Gj.snitt	3,74	2,39	2,04	2,62	1,80	1,79	1,97	1,84	1,97
	N	508	507	493	503	508	497	499	387	481
Storbritannia	Gj.snitt	3,42	1,52	2,31	3,27	1,71	1,85	2,94	3,39	2,31
	N	669	599	657	633	667	664	665	673	656
Belgia	Gj.snitt	3,55	2,84	1,71	3,45	1,47	1,64	2,25	2,77	1,96
	N	850	655	649	847	841	825	826	842	764
Frankrike	Gj.snitt	3,84	3,00	2,23	2,30	1,77	1,89	2,34	2,79	1,87
	N	710	595	685	667	702	696	697	700	664
Total	Gj.snitt	3,41	2,23	2,12	3,00	1,76	1,79	2,45	2,67	1,97
	N	11735	8162	11089	10933	11703	11628	11567	11016	11201

I alle landa blir dei aktørane som har mest formell innflytelse også i hovudsak tillagt mest innflytelse av representantane. Ordførar, det politiske eksekutivorganet og den administrative leiaren er alle mellom dei aktørane representantane meiner har mest innflytelse på arbeidet i kommunestyret. I dei aller fleste landa er det ordføraren som blir tillagt mest innflytelse. Det er tre land som avvik, nemleg Tsjekkia, Nederland og Norge. Representantane i dei to første av desse landa meiner at eksekutivorganet har mest innflytelse medan dei norske representantane meiner at administrasjonssjefen har mest å seie for den kommunale aktiviteten, men det er ikkje store skilnader i korleis administrasjonssjefen blir vurdert i forhold til ordførar og formannskap. Minst innflytelse tillegg representantane seg sjøve og den einskilde kommunestyrerepresentant. Det er også verdt å merke seg at profesjonelle konsulentar ikkje blir tillagde særleg stor innflytelse i noko av landa. Høgast blir denne vurdert i Storbritannia, Italia og Nederland.

Ein skulle kanskje ha venta at kommunestyrerepresentantane i dei små norske kommunane skulle gje andre svar enn representantane i dei store kommunane. Det gjer dei i hovudsak ikkje. Gjennomsnittsverdien i dei mindre kommunane er ikkje signifikant forskjellig frå gjennomsnittsverdien i dei store kommunane. Det er to unntak: Komiteleiarane blir tillagde større påverking i store enn i små kommunar. Det same gjeld administrasjonsleiarane. Forskjellen mellom gjennomsnittsverdien for svara til representantane i kommunane er signifikant på .001 nivå for vurderinga av desse aktørane.

Tabell 6: Innflytelse, eksterne aktører

		Lokal stortingsrepresentant eller statsråd	Lokale fagforeningar	Journalistar	Lokale næringsdrivande	Nasjonale eller internasjonale bedrifter/selskap	Kyrkja	Lokale frivillige organisasjonar	Pressgrupper for bestemte enkeltsaker	Lokale stats-etatar	Parti-leiarar	Lederne for parti-gruppene i kommunestyret	Parti	Offentlige organ på regionalt og sentralt nivå
Tyskland	Gj.snitt	1,36	,47	1,26	1,40	1,13	1,09	1,39	1,57	1,40	1,75	2,83	1,66	1,47
	N	831	776	838	856	809	857	862	835	394	810	872	857	824
Sveits	Gj.snitt	1,71	1,20	2,00	2,00	1,85	1,05	1,32	1,70	1,51	1,36	2,46	2,07	1,88
	N	1539	1451	1569	1576	1541	1555	1531	1522	1511	1520	1573	1556	1415
Tsjekkia	Gj.snitt	1,42	,45	1,17	1,74	1,27	,80	,99	1,01	1,35	1,94	2,16	1,65	1,86
	N	589	547	592	608	582	598	610	572	457	608	609	600	612
Nederland	Gj.snitt	1,19	,77	1,26	1,47	1,21	1,01	1,80	1,66	1,88	1,59	2,79	2,09	2,51
	N	850	924	1193	1228	1039	1186	1257	1233	885	1231	1277	1270	1265
Italia	Gj.snitt	1,71	1,48	1,53	1,89	1,46	1,84	1,62	1,41	1,03	1,88	1,98	1,77	1,99
	N	1039	1120	1146	1149	1086	1140	1146	1114	834	1119	1161	1132	1086
Sverige	Gj.snitt	1,01	1,19	1,41	1,79	1,27	,52	,97	,81	1,64	2,49	2,43	1,91	1,88
	N	1189	1271	1251	1306	1220	1213	1285	1228	587	1311	1308	1290	1240
Kroatia	Gj.snitt	2,05	,87	1,44	1,71	1,42	1,39	1,14	1,37	1,45	2,16	2,05	2,06	2,01
	N	263	282	293	297	292	296	293	294	288	297	296	294	298
Norge Store	Gj.snitt	1,30	1,75	1,94	1,85	1,48	1,11	1,51	1,98	1,63	1,92	2,48	2,51	2,13

		Lokal stortingsrepresentant eller statsråd	Lokale fagforeningar	Journalistar	Lokale næringsdrivande	Nasjonale eller internasjonale bedrifter/selskap	Kyrkja	Lokale frivillige organisasjonar	Pressgrupper for bestemte enkeltsaker	Lokale stats-etatar	Parti-leiarar	Lederne for parti-gruppene i kommune-styret	Parti	Offentlige organ på regionalt og sentralt nivå
	N	906	1108	1119	1123	1031	1113	1118	1116	986	1097	1120	1116	1092
Små	Gj.snitt	1,40	1,64	1,57	1,79	1,28	1,18	1,51	1,89	1,46	1,82	2,25	2,33	2,03
	N	407	646	651	651	535	643	652	650	499	631	652	652	638
Polen	Gj.snitt	5,26	7,93	7,89	1,45	1,44	1,53	1,35	1,44	1,43	1,37	5,29	4,83	3,33
	N	260	282	298	314	278	313	306	308	295	299	275	282	310
Austerrike	Gj.snitt	1,73	1,27	1,42	1,65	1,43	1,07	1,45	1,56	1,88	2,42	2,63	2,31	1,78
	N	415	371	418	423	416	420	424	417	277	421	427	419	420
Hellas	Gj.snitt	2,08	1,46	1,56	1,66	1,22	1,54	1,21	1,42	1,18	1,72	2,01	1,61	2,49
	N	497	491	494	499	458	490	479	488	432	481	501	496	501
Storbritannia	Gj.snitt	1,37	1,14	1,21	1,45	1,13	,93	1,39	1,32	1,73	2,10	2,27	1,44	2,46
	N	658	657	656	663	646	646	659	656	663	659	666	662	663
Belgia	Gj.snitt	1,79	1,15	1,26	1,22	1,03	,84	1,29	1,07	1,21	1,58	1,90	1,40	1,56
	N	647	749	802	797	711	796	821	754	615	805	832	808	803
Frankrike	Gj.snitt	1,93	1,24	1,45	1,66	1,41	,75	1,95	1,59	1,80	1,51	1,65	1,54	1,85
	N	669	655	672	681	635	612	690	671	677	650	660	658	628
Total	Gj.snitt	1,62	1,34	1,67	1,68	1,37	1,07	1,40	1,45	1,52	1,82	2,41	1,96	2,03
	N	10352	10684	11341	11520	10744	11235	11481	11208	8901	11308	11577	11440	11157

Tabell 6 viser kva innflytelse medlemmane av kommunestyra tillegg eksterne aktørar. Representantane i alle landa gir klart uttrykk for at ingen av dei eksterne aktørane har så stor innflytelse på den kommunale aktiviteten som dei interne aktørane. Av desse er det først og fremst dei politiske partia, og særleg partigruppene i kommunestyra, som blir oppfatta å ha mest å seie i forhold til kommunale organ og aktivitetar. Det einaste unntaket er Frankrike. Der er det lokale frivillige organisasjonar og lokale parlamentsmedlemmar og ministrar som blir tillagde mest innflytelse av kommunestyrerepresentantane. Når vi samanliknar svara til representantane i store og små norske kommunar, kjem det fram større forskjellar mellom oppfatningane til representantane når det gjeld aktørar utanfor den kommunale organisasjonen. Forskjellane i gjennomsnittsverdiane er signifikante på minst .001 nivå for lokal stortingsrepresentant eller statsråd, lokale fagorganisasjonar, journalistar, nasjonale og lokale verksemder, lokal statsadministrasjon. Dessutan er det også signifikant skilnad i vurderinga av dei meir interne aktørane som partigruppene i kommunestyret, og partiorganisasjonane. Med unntak for vurderinga av stortingsrepresentantar og statsrådar er det i dei store kommunane at dei eksterne aktørane blir tillagt størst påverking. Den største skilnaden finn vi i vurderinga av den påverking som blir tillagt journalistar. Men også partia synest å spele ein større rolle i store enn i små kommunar.

Representantane blei også bedne om å vurdere kva aktørar det ville vere viktig å få på si side for ei verksemd som ville setje i gang eit prosjekt, og som venta at kommunestyret i utgangspunktet ikkje ville godkjenne prosjektet. Fordelingen av svara etter land og etter store og små norske kommunar er vist i tabell 7.

Tabell 7: «Dersom en bedrift ønsker å sette i gang et prosjekt i kommunen og forventer at kommunestyret ikke vil godkjenne prosjektet, hvilke aktører vil det være viktig å få på sin side for å kunne påvirke kommunestyret?»

		Leiarane i partigruppene i kommunestyret	Leiarane i ein eller fleire utvalg/ komitéar	Ordføraren	Medlemmene i formannskapet	Etatsleiarane	Profesjonelle konsulentar/ekspertar	Lokale næringsdrivande	Lokal næringsorganisasjon
Tyskland	Gj.snitt	,90	,64	,94	,50	,47	,41	,31	,40
	N	858	818	871	726	825	836	830	833
Sveits	Gj.snitt	3,15	2,44	3,46	2,75	2,08	2,12	2,39	2,31
	N	1547	1542	1518	1535	1560	1534	1558	1421
Tsjekkia	Gj.snitt	,72	,39	,90	,94	,48	,41	,31	,18
	N	598	600	612	623	603	602	598	596
Italia	Gj.snitt	,55	,35	,90	,77	,62	,29	,27	,24
	N	1078	1052	1125	1081	1075	1036	1041	1033
Sverige	Gj.snitt	,84	,80	,93	,79	,55	,33	,55	,18
	N	1260	1226	1282	1245	1207	1170	1221	1139
Kroatia	Gj.snitt	,79	,41	,94	,86	,67	,41	,28	,45
	N	284	254	291	281	270	269	265	270
Norge Store	Gj.snitt	,96	,88	,92	,92	,62	,33	,36	,61
	N	1118	1117	1120	1119	1113	1112	1112	1108
Små	Gj.snitt	,92	,81	,96	,95	,62	,33	,45	,60
	N	654	655	658	652	656	648	653	652

		Leiarane i partigruppene i kommunestyret	Leiarane i ein eller fleire utvalg/komit�ear	Ordf�raren	Medlemmene i formannskapet	Etatsleiarane	Profesjonelle konsulentar/ekspertar	Lokale n�ringsdrivande	Lokal n�ringsorganisasjon
Polen	Gj.snitt	,41	,64	1,00		,53	,42	,23	,27
	N	315	318	323		313	312	312	303
Austerrike	Gj.snitt	,73	,52	,93	,67	,50	,44	,24	,39
	N	399	395	427	401	398	397	394	392
Hellas	Gj.snitt	,73	,48	,88	,62	,40	,50	,44	,47
	N	509	507	509	508	504	508	508	507
Storbritannia	Gj.snitt	,60	,52	,80	,83	,81	,48	,43	,47
	N	608	600	616	624	631	593	590	597
Belgia	Gj.snitt	,62	,38	,92	,94	,42	,33	,20	,26
	N	810	783	832	830	805	800	803	797
Frankrike	Gj.snitt	,40	,63	1,01	,96	,59	,49	,48	,62
	N	643	643	711	695	664	640	644	660
Total	Gj.snitt	1,09	,87	1,30	1,12	,80	,66	,68	,66
	N	10027	9855	10237	9668	9968	9809	9876	9656

Tabell 7. forts.

		Lokal næringsorganisasjon	Lokale fagforeningar	Journalistar	Kyrkja	Lokale frivillige foreiningar	Lokale enkeltsaksgrupper	Regionale el. statlege organ	Andre
Tyskland	Gj.snitt	,45	,04	,42	,09	,18	,38	,29	,08
	N	841	835	846	834	824	836	833	418
Sveits	Gj.snitt	2,03	1,50	2,39	,69	1,29	1,57	2,04	3,47
	N	1506	1466	1555	1511	1538	1495	1512	47
Tsjekkia	Gj.snitt	,38	,07	,37	,07	,09	,25	,47	,13
	N	598	598	598	597	597	597	602	550
Italia	Gj.snitt	,41	,27	,30	,26	,14	,18	,42	,15
	N	1035	1045	1037	1039	1040	1038	1031	822
Sverige	Gj.snitt	,30	,32	,54	,04	,18	,13	,30	,16
	N	1193	1187	1207	1169	1176	1172	1167	984
Kroatia	Gj.snitt	,63	,17	,40	,21	,15	,25	,55	,18
	N	267	265	272	266	267	267	272	255
Norge	Gj.snitt	,32	,42	,75	,07	,29	,59	,48	
	N	1106	1115	1122	1113	1114	1116	1115	
Små	Gj.snitt	,34	,41	,66	,08	,30	,59	,51	
	N	649	652	653	653	650	653	656	
Polen	Gj.snitt	,33	,15	,29	,25	,27	,41	,34	,25

		Lokal næringsorganisasjon	Lokale fagforeningar	Journalistar	Kyrkja	Lokale frivillige foreiningar	Lokale enkeltsaksgrupper	Regionale el. statlege organ	Andre
	N	313	309	311	309	313	310	225	311
Austerrike	Gj.snitt	,41	,14	,36	,07	,11	,32	,41	,09
	N	393	391	396	396	392	390	394	186
Hellas	Gj.snitt	,67	,42	,54	,32	,27	,35	,63	,21
	N	506	506	507	506	506	506	508	488
Storbritannia	Gj.snitt	,34	,21	,26	,06	,18	,16	,51	,92
	N	600	589	590	584	588	581	585	53
Belgia	Gj.snitt	,46	,12	,28	,03	,13	,15	,39	,09
	N	802	798	812	802	798	797	802	643
Frankrike	Gj.snitt	,58	,20	,31	,05	,42	,27	,39	,11
	N	659	642	652	647	651	640	644	305
Total	Gj.snitt	,66	,42	,74	,20	,37	,48	,67	,18
	N	9819	9746	9905	9773	9804	9745	9690	5062

Representantane kunne krysse av for «ja» eller «nei» på spørsmålet om det var viktig å få med seg dei ulike aktørane. Gjennomsnittsverdien ligg mellom 0 og 1 der høgre verdi indikerer kor viktig representantane meiner det er å få aktøren på si side. Multiplisert med 100 viser det kor mange prosent av representantane som har kryssa av for ja på spørsmålet

Ut frå svara til kommunestyrerepresentantane er det i første rekke aktørar i det formelle styringsapparatet det er viktig å få med. Det gjeld i alle land. I Norge er det først og fremst leiaren av partigruppene og ordførar og medlemne av formannskapet. Gjennomgåande er det viktig å få med seg ordførar og medlemar av formannskap i Norge og tilsvarende aktørar i dei andre landa. Når dei formelle aktørane er så viktige å få med seg, kunne ein tru at forestillinga om nettverkspolitikk ikkje er så viktig som ein skulle tru ut frå all merksemda som dette omgrepet har fått dei siste åra. Teoriar om nettverk og governance går ut på at innhaldet i politikken blir skapa i eit samspel mellom offentlege og ikkje-offentlege aktørar. Det vi kan seie på bakgrunn av desse observasjonane er at det formelle styringsapparatet ikkje er sett på sidelinja. Tvert om, våre data kan tyde på at dei offentlege aktørane er sentralane i dei offentleg-private nettverka som finst. Men så må vi hugse på at desse dataene gjev uttrykk for lokalpolitikarane sine eigne oppfatningar. Kanskje ville til dømes næringslivsaktører hatt andre oppfatningar dersom dei blei spurde.

Det er signifikante forskjellar mellom store og små norske kommunar for vurderinga av gruppeleiaren for partiet i kommunestyret, leiar av komitear, ordførar, medlem av formannskap og lokale næringsssamskipnader i tillegg til journalistar. Bortsett frå partigruppeleiar og journalistar er det i dei små kommunane at representantane oppfatta det å vere viktig for ei verksemd å få støtte hos desse aktørane

Reformer

Reformer av styringsordningane i lokalforvaltninga har funnet stad og blir diskuterte i dei aller fleste land. Vi stilte fylgjande spørsmål til representantene: «Nedenfor finner du en oversikt over forskjellige reformer som har blitt innført i kommuner i ulike europeiske land. Uavhengig av om slike reformer er blitt introdusert i ditt land eller ikke, hvor ønskelig eller lite ønskelig anser du følgende reformer:» Lista av reformer var fylgjande:

En rådgivende (ikke bindende) folkeavstemning
En bindende folkeavstemning
Gjentatte spørreundersøkelser for å lodde den offentlig opinion
Direkte valg av ordfører
Medbestemmelsesprosedyrer der innbyggerne kan diskutere og fatte bindende vedtak i bestemte lokale saker
Overføring av ansvar til grendeutval/nabolagsorganisasjoner
Prosedyrer for å konsultere innbyggerne der innbyggerne blir informert om og kan gi sin tilslutning til eller kritisere kommunale forslag
Overføre overoppsynet med kommunale tjenester til brukerstyret
Redusere antallet medlemmer i kommunestyret

Resultatet er vist i tabell 8.

Tabell 8: Nedenfor finner du en oversikt over forskjellige reformer som har blitt innført i kommuner i ulike europeiske land. Uavhengig av om slike reformer er blitt introdusert i ditt land eller ikke, hvor ønskelig eller lite ønskelig anser du følgende reformer

		En rådgivende (ikke bindende) folkeavstemning	En bindende folkeavstemning	Gjentatte spørreundersøkelser for å lodde den offentlige opinion	Direkte valg av ordfører	Medbestemmelsesprosedyrer	Overføring av ansvar til grendeutval/ nabolagsorganisasjoner	Konsultasjonsprosedyrer	Brukerstyret	Redusere antallet kommunestyremedlemmer
Tyskland	Gj.snitt	2,20	2,77	2,38	3,26	2,87	2,10	2,96	1,82	1,72
	N	866	864	870	874	871	854	867	858	873
Sveits	Gj.snitt	2,50	3,43	2,30	3,11	2,53	1,82	3,01	1,90	1,46
	N	1537	1576	1578	1574	1584	1580	1586	1587	1587
Tsjekkia	Gj.snitt	2,56	2,59	2,65	2,94	2,64	2,43	3,08	2,52	1,59
	N	611	610	610	608	610	608	611	609	612
Nederland	Gj.snitt	2,03	1,56	2,56	1,70	1,66	1,79	3,34	1,59	1,47
	N	1282	1281	1281	1274	1282	1281	1280	1282	1280
Italia	Gj.snitt	2,73	2,40	2,74	3,28	2,74	2,39	2,93	2,16	2,13
	N	1137	1117	1128	1149	1134	1106	1125	1125	1137
Sverige	Gj.snitt	2,38	1,92	2,56	1,91	1,91	2,14	2,70	1,84	1,48
	N	1319	1316	1315	1315	1307	1317	1315	1315	1320
Kroatia	Gj.snitt	2,65	2,68	2,89	3,43	2,94	2,85	3,02	2,73	1,79
	N	278	279	283	287	283	280	285	282	283

		En rådgivende (ikke bindende) folkeavstemning	En bindende folkeavstemning	Gjentatte spørreundersøkelser for å lodde den offentlige opinion	Direkte valg av ordfører	Medbestemmelsesprosedyrer	Overføring av ansvar til grendeutval/nabolagsorganisasjoner	Konsultasjonsprosedyrer	Brukerstyrene	Redusere antallet kommunestyremedlemmer
Norge	Gj.snitt	2,09	1,91	2,18	1,79	1,69	1,78	2,65	1,84	1,45
	N	1123	1121	1124	1124	1123	1124	1125	1121	1124
	Gj.snitt	2,13	1,95	2,04	2,00	1,74	1,73	2,53	1,71	1,28
	N	656	654	654	656	656	657	654	656	657
Polen	Gj.snitt	2,64	2,43	2,45	3,46	2,52	2,66	2,83	2,37	2,68
	N	316	316	315	321	317	316	317	315	318
Austerrike	Gj.snitt	2,36	2,69	2,74	2,98	2,94	2,21	2,91	1,98	1,59
	N	423	428	426	414	424	426	426	420	425
Hellas	Gj.snitt	3,06	2,89	2,81	3,12	2,95	2,93	3,06	2,69	1,66
	N	509	509	510	509	509	511	511	509	510
Storbritannia	Gj.snitt	2,01	1,73	2,66	1,50	1,85	2,19	2,86	1,66	1,51
	N	666	666	671	674	661	672	671	671	672
Belgia	Gj.snitt	2,31	1,95	2,48	2,19	2,14	1,77	2,70	1,65	1,40
	N	816	815	822	831	821	818	823	821	826
Frankrike	Gj.snitt	2,84	1,88	2,36	1,99	2,11	2,11	2,82	1,46	1,29
	N	704	689	696	694	702	700	703	699	700

		En rådgivende (ikke bindende) folkeavstemning	En bindende folkeavstemning	Gjentatte spørreundersøkelser for å lodde den offentlige opinion	Direkte valg av ordfører	Medbestemmelsesprosedyrer	Overføring av ansvar til grendeutval/nabolagsorganisasjoner	Konsultasjonsprosedyrer	Brukerstyrene	Redusere antallet kommunestyremedlemmer
Total	Gj.snitt	2,40	2,32	2,51	2,50	2,29	2,10	2,92	1,92	1,60
	N	11587	11587	11629	11648	11628	11593	11645	11614	11667
Tyskland	Gj.snitt	2,20	2,77	2,38	3,26	2,87	2,10	2,96	1,82	1,72
	N	866	864	870	874	871	854	867	858	873
Sveits	Gj.snitt	2,50	3,43	2,30	3,11	2,53	1,82	3,01	1,90	1,46
	N	1537	1576	1578	1574	1584	1580	1586	1587	1587
Tsjekkia	Gj.snitt	2,56	2,59	2,65	2,94	2,64	2,43	3,08	2,52	1,59
	N	611	610	610	608	610	608	611	609	612
Nederland	Gj.snitt	2,03	1,56	2,56	1,70	1,66	1,79	3,34	1,59	1,47
	N	1282	1281	1281	1274	1282	1281	1280	1282	1280
Italia	Gj.snitt	2,73	2,40	2,74	3,28	2,74	2,39	2,93	2,16	2,13
	N	1137	1117	1128	1149	1134	1106	1125	1125	1137
Sverige	Gj.snitt	2,38	1,92	2,56	1,91	1,91	2,14	2,70	1,84	1,48
	N	1319	1316	1315	1315	1307	1317	1315	1315	1320
Kroatia	Gj.snitt	2,65	2,68	2,89	3,43	2,94	2,85	3,02	2,73	1,79
	N	278	279	283	287	283	280	285	282	283

		En rådgivende (ikke bindende) folkeavstemning	En bindende folkeavstemning	Gjentatte spørreundersøkelser for å lodde den offentlige opinion	Direkte valg av ordfører	Medbestemmelsesprosedyrer	Overføring av ansvar til grendeutval/nabolagsorganisasjoner	Konsultasjonsprosedyrer	Brukerstyret	Redusere antallet kommunestyremedlemmer
Norge	Gj.snitt	2,09	1,91	2,18	1,79	1,69	1,78	2,65	1,84	1,45
	N	1123	1121	1124	1124	1123	1124	1125	1121	1124
	Gj.snitt	2,13	1,95	2,04	2,00	1,74	1,73	2,53	1,71	1,28
	N	656	654	654	656	656	657	654	656	657
Polen	Gj.snitt	2,64	2,43	2,45	3,46	2,52	2,66	2,83	2,37	2,68
	N	316	316	315	321	317	316	317	315	318
Austerrike	Gj.snitt	2,36	2,69	2,74	2,98	2,94	2,21	2,91	1,98	1,59
	N	423	428	426	414	424	426	426	420	425
Hellas	Gj.snitt	3,06	2,89	2,81	3,12	2,95	2,93	3,06	2,69	1,66
	N	509	509	510	509	509	511	511	509	510
Storbritannia	Gj.snitt	2,01	1,73	2,66	1,50	1,85	2,19	2,86	1,66	1,51
	N	666	666	671	674	661	672	671	671	672
Belgia	Gj.snitt	2,31	1,95	2,48	2,19	2,14	1,77	2,70	1,65	1,40
	N	816	815	822	831	821	818	823	821	826
Frankrike	Gj.snitt	2,84	1,88	2,36	1,99	2,11	2,11	2,82	1,46	1,29
	N	704	689	696	694	702	700	703	699	700

		En rådgivende (ikke bindende) folkeavstemning	En bindende folkeavstemning	Gjentatte spørreundersøkelser for å lodde den offentlige opinion	Direkte valg av ordfører	Medbestemmelsesprosedyrer	Overføring av ansvar til grendeutval/nabolagsorganisasjoner	Konsultasjonsprosedyrer	Brukerstyret	Redusere antallet kommunestyremedlemmer
Total	Gj.snitt	2,40	2,32	2,51	2,50	2,29	2,10	2,92	1,92	1,60
	N	11587	11587	11629	11648	11628	11593	11645	11614	11667

To reformer skil seg ut ved at dei har stor tilslutning blant representantene: For det første direkte val av ordførar. For 6 av landa er dette den reforma som har størst tilslutning. Det gjeld Tyskland, Italia, Kroatia, Polen, Austerrike og Hellas. Alle desse landa har innført direkte valg av ordførar, anten i samtlege kommunar eller et utval av kommunane (Heinelt og Hlepas 2006: 34). Reformen har tydelegvis stor støtte i dei landa som har gjennomført han. I Noreg er det låg tilslutning til ordninga med direkte valde ordførarar, sjølv om ein del norske kommunar har prøvd det ut. Ut frå desse resultatane er det lite som tyder på at det er noko sterkt ønske om å behalde ordninga blant norske lokalpolitikarar. I 6 av landa, Den Tsjekiske Republik, Nederland, Sverige, Norge, Storbritannia og Belgia, er det konsultasjonsprosedyrar med innbyggjarane som har størst tilslutning. I Frankrike er det rådgivande folkerøysting som blir sett som mest ønskjeleg av flest representantar, men også der er det stor tilslutning til tanken om å konsultere innbyggjarane.

I Norge er det liten skilnad på svara til representantar i store og små kommunar. Den einaste litt større forskjellen gjeld reduseringen av talet på kommunestyrerepresentantar. Der er det noko fleire i store enn i små kommunar som meiner det er ynskjeleg med slik reduksjon. Men det er verdt å vere merksam på at det er den reforma som i det heile har minst tilslutning både i store og små kommunar.

Ser ein på alle reformene i tabell 8 under eitt, observerer vi at dei norske lokalpolitikarane ligg under gjennomsnittet i bedøminga av samtlege reformer. Dette er interessant med tanke på den omfattande diskusjonen om at det representative demokratiet er svekka. Skal vi dømme etter desse resultatane, er ikkje norske lokalpolitikarar særleg villige til å åpne opp kanalar for direkte folkeleg deltaking. Dei stør ikkje «tilleggsdemokratiet», for å bruke eit omgrep frå Maktutgreinga (Østerud et al. 2003). Det er rimeleg å sjå dette i samheng med den sterke stillinga som dei politiske partia har i norske kommunar. Partipolitikarar er opptekne av å styrke det representative demokratiet og ser kanskje andre deltakingsskanalar som konkurrerande.

Representantane sin bakgrunn

Det er fleire grunnar til at det kan vere interessant å få eit bilete av bakgrunnen til dei politisk folkevalde. Dei aller fleste land har eit representativt politisk styresett både på nasjonalt og på lokalt nivå. Borgarane styrer ikkje direkte, men gjennom at dei vel dei personane som skal tale og fatte vedtak på deira vegner. Meiniane til veljarane fargar dei politiske vedtaka i den grad representantane stemmer i samsvar med desse meiniane. Men det kan til tider vere vanskeleg å fastslå kva meiniane til veljarane er i bestemte saker. Vi vil gå ut frå at folkevalde med lang erfaring frå kommunalt styr og stell i praksis har vist at dei blir sett på som gode representantar for meiniane til store grupper av veljarar. Når det er uklart kva veljarane måtte meine om dei sakene som er til drøfting i kommunale organ, vil det også vere ei god støtte for dei folkevalde å ha den same sosiale bakgrunnen som veljarane. Det er, slik vi ser det, ein samheng mellom dei sosiale erfaringane til folk og korleis dei oppfattar og reagerer på situasjonar og saker dei møter. Kong Solomon og Jørgen Hattemaker ser verda frå ulik synsstad. Vi skal først gje eit oversyn over erfaringane dei folkevalde har frå arbeid med kommunale saker, både direkte ved at dei sjølve har vore representantar og indirekte ved at nære slektningar har hatt slike verv.

a) Erfaring.

Tabell 9. *Hvor mange år har du vært kommunestyrerepresentant i alt?*

	Gj.snitt	N
Tyskland	11,7	879
Sveits	6,6	1611
Tsjekkia	7,8	619
Nederland	6,1	1172
Italia	6,6	1165
Sverige	10,2	1316
Kroatia	5,2	296
Norge		
Store	7,6	1109
Små	6,9	653
Polen	5,7	319
Austerrike	9,933	420
Hellas		458
Storbritannia	9,9	676
Belgia	9,9	847
Frankrike	12,1	720

Kommunestyrerepresentantar med lengst tid i kommunestyret finn vi i Frankrike og Tyskland med rundt 12 år og Sverige, Storbritannia, Belgia og Austerrike med om lag 10 år i gjennomsnitt. Dei norske kommunestyremedlemmane har i gjennomsnitt vore medlemmar i 7,5 år i dei store kommunane og noko mindre i dei små kommunane, omlag 7 år. Kortast tid i kommunestyret har representantane i Polen og Kroatia. Den forholdsvis korte gjennomsnittstida for dei norske representantane speglar av det store personskiftet frå val til val i dei norske kommunestyra. Lenge var skiftet på om lag 65 %, men ved dei siste vala har fråfallet av lokalpolitikarar vore noko lågare.³

Erfaringa til representantane kan også vere knytt til kva dei har lært i oppveksten. I kva grad er dei blitt interesserte i kommunalt styr og stell av nære slektningar som har hatt politiske tillitsverv. Dette viser vi i tabell 10.

³ Kjelde: Statistisk Sentralbyrå sin valstatistikk

Tabell 10: Dersom du ser to generasjoner tilbake, har noen av dine nære slektninger innehatt politiske tillitsverv?

	Nei	Ja	Total=100 %	
Tyskland	73,9	26,1	873	
Sveits	63,9	36,1	1604	
Tsjekkia	71,2	28,8	619	
Nederland	73,8	26,2	1262	
Italia	74,6	25,4	1155	
Sverige	56,5	43,5	1321	
Kroatia	77,2	22,8	294	
Norge	Store	44,8	55,2	1120
	Små	40,9	59,1	658
Polen	71,8	28,2	323	
Austerrike	72,8	27,2	430	
Hellas	76,6	23,4	509	
Storbritannia	83,8	16,2	679	
Belgia	68,0	32,0	845	
Frankrike	70,0	30,0 %	713	
Total	67,7	32,3	11747	

Dei norske representantane har i langt større grad enn representantane i dei andre landa ein familiebakgrunn der dei kan ha blitt eksponert for politikk. Det er 55 % av representantane i dei store kommunane og heile 59 % i dei små kommunane i Norge som har slik bakgrunn. Derneft kjem dei svenske representantane med 44 %. Minst politisk familiebakgrunn har dei britiske representantane. Berre 16 % av dei har slik bakgrunn. Det store personsiftet i dei norske kommunestyra kan vere ein medverkande faktor for å forklare kvifor det er så mange av representantane som har nære slektningar som har hatt politiske tillitsverv. I tillegg vil det også talet på kommunar og storleiken på kommunestyra sjølvstakt vere viktig. Talet på kommunestyrerepresentantar utgjorde 0,5 % av veljarane ved valet i 2007. Talet på listekandidatar var 3,1 % av talet på veljarar⁴ Samstundes viser valundersøkingar at om lag 8 % av veljarane har hatt kommunale tillitsverv, medan 17 % oppgjev at dei har stått på ei liste til kommuneval.⁵

⁴ Tala er rekna ut på bakgrunn av valstatistikken til Statistisk Sentralbyrå.

⁵ Tala er henta frå Lokaldemokratiundersøkinga 2007

b) Sosial bakgrunn

Som medlem av kommunestyret skal representanten ta omsyn til interessene og vurderingane til innbyggjarane. I svært mange undersøkingar av medlemmer av folkevalde forsamlingar blir det lagt vekt på deira sosiale bakgrunn. Dette kjem dels av at slike opplysningar ofte er lette å få tilgang til. Men to andre grunnar er meir vesentlege. For det første er bakgrunnen til representantane eit uttrykk for kor lett eller vanskeleg det kan vere for ulike grupper å bli valde inn i forsamlingane. Dette vil ha å gjere med oppfatningar om rettferdig fordeling av goder og byrder. For det andre har sosial bakgrunn også samanheng med kva vurderingar representantane faktisk vil gjere når dei skal vere med å fatte vedtak om innhaldet i den kommunale politikken. Den einskilde representant vil ofte stå overfor saker der det ikkje er innlysande kva problemet er eller kva løysingar som måtte vere dei beste. Vurderingane til representanten vil derfor vere viktige. Det vil vere realitetsvurderingar, kva er situasjonen?; det vil vere handlingsvurderingar, kva handlingsalternativ finst?, og det vil vere verdivurderingar, kva verdiar ein tek sikte på å realisere?⁶ Slike vurderingar vil, nettopp fordi dei er vurderingar og ikkje baserte på fastspikra sanningar, i stor grad vere farga av den bakgrunnen den einskilde representanten har. Vi skal her vise fordelingar av representantanes alder, kjønn og utdanning. I tillegg skal vi også vise representantanes yrkesbakgrunn.

Som i dei fleste undersøkingane av rekruttering til folkevalde forsamlingar, viser det seg også i denne undersøkinga at dei folkevalde er middelaldrande. Dei eldre og dei yngre aldersgruppene har ein tendens til bli underrepresenterte. Variasjonane i alder mellom representantar frå ulike land er forholdsvis liten. Storbritannia, Sverige og Tyskland har dei eldste representantane medan Sveits, Hellas og Austerrike har kommunestyrrer med den lägste gjennomsnittsalderen. Lokalpolitikarane i Norge er i gjennomsnitt vel 50 år i dei store kommunane og vel 49 år i dei småe.

⁶ Om dei ulike vurderingstypene sjå Vickers, 1991.

Tabell 11: Hvor gammel er du?

	Gj.snitt	N
Tyskland	54,12	884
Sveits	47,77	1615
Tsjekkia	51,74	615
Nederland	52,35	1265
Italia	48,29	1156
Sverige	54,21	1327
Kroatia	49,21	135
Norge		
Store	50,18	1121
Små	49,27	659
Polen	50,13	325
Austerrike	49,69	425
Hellas	48,03	500
Storbritannia	58,57	665
Belgia	49,80	844
Frankrike	53,8	720

Tabell 12: Kjønn

	Menn	Kvinner	Total=100 %	
Tyskland	78,3 %	21,7 %	885	
Sveits	68,8 %	31,2 %	1615	
Tsjekkia	75,6 %	24,4 %	619	
Nederland	73,7 %	26,3 %	1264	
Italia	86,2 %	13,8 %	1167	
Sverige	57,1 %	42,9 %	1334	
Kroatia	76,3 %	23,7 %	295	
Norge	Store	61,5 %	38,5 %	1121
	Små	63,4 %	36,6 %	659
Polen	80,9 %	19,1 %	325	
Austerrike	73,9 %	26,1 %	429	
Hellas	81,1 %	18,5 %	509	
Storbritannia	73,6 %	26,4 %	678	
Belgia	72,4 %	27,6 %	845	
Frankrike	55,0 %	45,0 %	720	
Total	71,0 %	29,0 %	11806	

Menn er overrepresenterte i kommunestyra i Europa. Dei utgjer 50 % av veljarane, men har over 70 % av representantane. Kvinnene er best representerte i Frankrike der kvinnene utgjer 45 % av kommunestyra. Dernest fylgjer Sverige med 43 % og Norge med 39 % i dei store kommunane og 37 % i dei små kommunane. Kvinnene er klart minst representerte kommunestyra i Italia, men har også liten representasjon i Hellas, Polen og Tyskland.

Tabell 13: Formell utdanning

	Grunnskole	Vidaregåande skole eller tilsvarande	Universitet/høgskole eller tilsvarande	Total	
Tyskland	32,5	13,5	54,0	880	
Sveits	16,3	24,9	58,7		
Tsjekkia	,5	30,6	68,9	621	
Nederland	1,0	32,5	66,5	1264	
Italia	6,0	43,7	47,6	1201	
Sverige	12,2	40,6	47,1	1332	
Kroatia	,7	42,7	56,6	295	
Norge	Store	3,4	31,1	65,5	1120
	Små	5,5	40,0	54,6	658
Polen	2,2	31,8	66,0	324	
Austerrike	39,8	30,0	30,2	430	
Hellas	4,1	40,3	55,2	511	
Storbritannia	,4	27,4	72,2	680	
Belgia	3,3	31,9	63,4	856	
Frankrike					
Total	7,0	26,8	48,0	11845	

Høgst utdanning har kommunestyrerepresentantane i Storbritannia og Frankrike der 72 % har universitets- eller høgskuleutdanning. Dernest følgjer Den Tsjekiske Republik, Nederland og Polen. Representantane i Austerrike skil seg markant frå dei andre ved at heile 40 % av representantane berre har grunnskuleutdanning medan 30 % har eksamen frå universitet eller høgskule.

Utdanningsbakgrunnen til representantane er klart ulik i store og små norske kommunar. Utdanningsnivået mellom representantane i dei store kommunane er på høgd med landa som har flest høgt formelt utdanna representantar. I dei små kommunane er det 10 % færre representantar med så høg formell utdanning. Av veljarane samla er det 23 % som har universitets- eller høgskuleutdanning.⁷ Denne gruppa er derfor kraftig overrepresentert i kommunestyra. Jamvel om vi ikkje har data for utdanningsnivået til veljarar i dei andre landa, er det liten grunn til å tru at overrepresentasjonen av personar med universitets- og høgskuleutdanning er mindre i kommunestyra der.

⁷ NOU 2006: 7, avsnitt 3.2

Parti

Sidan byrjinga på 1900-talet har dei nasjonale politiske partia i Norge litt etter litt fått innpass i den kommunale politikken. Det vi kan kalle partipoliseringa har auka gradvis fram mot slutten på 60-talet då dei politiske partia blei så godt som einerådande i kommunestyra. I dei andre nordiske landa var inntoget av partia i lokalstyret særleg stor frå 1940 og fram mot 1970. (Hjellum 1967; Larsen og Offerdal 1992, kap.8; Bäck m.fl.2005). Tabell 14 viser andelen av dei spurde som ble valde på høvesvis partilister, lokallister eller som uavhengige kandidatar.

Tabell 14: Ble du valgt som kandidat på 1) en liste for et landsomfattende politisk parti, 2) på en lokal liste (i flere av de andre landa ble også «uavhengig/individuell kandidat» en svarkategori)

		Landsomfattande politisk parti	Lokal liste	Uavhengig/individuell kandidat	Total =100 %
Tyskland		84,5 %	13,5 %	1,9 %	872
Sveits		87,8 %	11,6 %	,6 %	1612
Tsjekkia		79,5 %	12,1 %	8,5 %	614
Nederland		74,6 %	25,4 %	,0 %	1285
Italia		67,5 %	29,4 %	3,1 %	1177
Sverige		96,1 %	3,9 %	,0 %	1346
Kroatia		94,4 %	5,6 %	,0 %	302
Norge	Store	85,9 %	14,1 %	,0 %	1116
	Små	83,0 %	17,0 %	0 %	652
Polen		35,1 %	53,8 %	11,1 %	325
Austerrike		90,0 %	8,8 %	1,2 %	419
Hellas		45,7 %	54,3 %	,0 %	850
Storbritannia		90,0 %	2,2 %	7,8 %	677
Belgia		72,8 %	26,0 %	1,2 %	845
Frankrike		31,8 %	66,2 %	2,0 %	701
Total		77,1 %	20,9 %	2,0 %	11799

Tabellen viser at dei nasjonale politiske partia i dag står sterkt i dei aller fleste av landa som er med i denne undersøkinga. Dei landsomfattande politiske partia står sterkast i Sverige og Kroatia der det berre er ein 4–5 % av representantane som ikkje står på lista til eit nasjonalt politisk parti. Men også i Storbritannia, Austerrike, Sveits , Tyskland og Norge står partia sentralt i arbeidet i kommunestyra. Dei politiske partia står klart veikast i Polen, Frankrike og Hellas.

Dei lokale listene står sterkast i Frankrike og Polen. I Frankrike er 66 % av representantane valde på lokale lister medan om lag 54 % av dei polske representantane er valde på slike lister. I desse to landa står berre omlag 1/3 av representantane på listene til nasjonale politiske parti. I tillegg ser vi at uavhengige kandidatar står sterkast i Polen og Den Tsjekiske Republikk, men også i Storbritannia er det etter måten mange representantar som stiller som uavhengige. I Norge er det ein liten skilnad mellom store og små kommunar idet representantane oftare er valde inn på lokale lister i kommunar med under 10.000 innbyggjarar.

Ikkje berre står partia sterkt i kommuneorganisasjonen fordi representantane er valde på listene til dei politiske partia. Dei står også sterkt fordi representantane sjølve er medlemmer av dei kommunale partilaga. Dette er vist i tabell 15.

Tabell 15: Er du for tiden medlem av noe politisk parti?

Er du for tiden medlem av noe politisk parti?				
		Nei	Ja	Total
Tyskland		16,3	83,7	883
Sveits		2,0	98,0	1615
Tsjekkia		34,6	65,4	622
Nederland		3,3	96,7	1242
Italia		21,5	78,5	1156
Sverige		,4 %	99,6	1307
Kroatia		12,4	87,6	298
Norge	Store	2,4	97,6	1127
	Små	3,5	96,5	659
Polen		70,7	29,3	324
Austerrike		8,6	91,4	430
Hellas		43,5	56,5	508
Storbritannia		7,2	92,8	679
Belgia		7,3	92,7	841
Frankrike		41,2	58,8	718
Total		14,0	86,0	11750

I gjennomsnitt er det 86 % av kommunestyremedlemmene som er medlem av eit politisk parti. Flest partimedlemmer finn vi i Sverige der så godt som alle representantar er medlemmer av partia. Men også i Sveits, Norge og Nederland er det svært få representantar som ikkje er

partimedlemmer. Polen skiller seg ut ved at heile 71 % av representantane ikkje er medlemmer av eit nasjonalt politisk parti. Men både i Hellas og Frankrike er det over 40 % som ikkje er partimedlemmer. Det er ingen forskjell i Norge mellom representantar i store og små kommunar.

Kommunestyrerepresentantane er aktive partimedlemmer. Ein stor del av dei har eller har i tillegg også hatt tillitsverv i partiet. Tabell 16 viser kor mange som er eller har hatt tillitsverv i lokalpartiet.

Tabell 16: Har du i dag, eller har du tidligere hatt, et tillitsverv (styremedlem o.l.) i din partiorganisasjon (Bortsett fra vervet som kommunestyrerepresentant) Lokalpartiet

		Passer ikke. Mitt parti har ikke lokalorganisasjon eller jeg er ikke medlem av noe politisk parti	Nei, aldri	Ja, tidligere	Ja, i dag	Total
Tyskland		7,7	15,0	23,2	54,1	856
Sveits		3,0	29,9	19,0	48,1	1571
Tsjekkia		16,9	27,7	17,2	38,1	603
Nederland		3,2	48,5	37,7	10,6	1108
Italia		7,6	22,8	26,0	43,6	1129
Sverige		,0	7,0	19,8	73,3	1275
Kroatia		2,0	11,6	20,5	65,9	293
Norge	Store	,8	17,2	31,4	50,6	1112
	Små	1,2	22,7	30,4	45,7	652
Polen		40,1	33,7	13,8	12,5	297
Austerrike		4,3	21,4	13,8	60,6	421
Hellas		18,8	43,7	22,3	15,2	506
Storbritannia		4,4	26,7	32,6	36,3	662
Belgia		4,2	20,5	10,9	64,3	833
Frankrike		17,0	49,6	13,8	19,7	589
Total		6,6	26,0	22,9	44,5	11255

Sverige skil seg ut ved at 73 % av medlemmene av kommunestyra har tillitsverv i partiorganisasjonen samstundes med at dei er medlemmer av kommunestyra. Det er også mange i Kroatia, Austerrike og Belgia som har tillitsverv i partiet, vel 60 %. I desse landa er det ein direkte kommunikasjonskanal mellom kommunestyret og dei politiske partia. Det kan tyde på at partiorganisasjonen er den styrande, men det kan også vere slik som andre norske data tyder på (Ringkjøb 2004:172) at det er kommunestyregruppa til partia som i praksis utgjer det lokale

partilaget. I så fall er det mest nærliggande å tolke dobbeltmedlemsskapet som uttrykk for at makta heller ligg i kommunestyregruppa.

Også dei norske kommunestyrerepresentantane har ofte tillitsverv i partia lokalt, og slår vi saman dei som har tillitsverv og dei som har hatt tillitsverv tidlegare er det over 80 % i dei større norske kommunane som har hatt tillitsverv medan talet er rundt 75 % i småkommunane. I Sverige har så godt som alle hatt tillitsverv i partiet.

Igjen viser det seg at dei politiske partia står veikt i Polen, Frankrike og Hellas. Heile 74 % av representantane i Polen har aldri hatt verv i partiet, eller partiet har ikkje lokallag. Tilsvarende tal for Frankrike er 67 % og for Hellas 63 %. Heller ikkje i Nederland står partia sterkt om vi tolkar tillitsverv som uttrykk for styrke.

Tabell 17 viser kor stor del av representantane som har hatt eller har verv på *regionalt* eller *sentralt* nivå i partia.

Tabell 17: Har du i dag, eller har du tidligere hatt, et tillitsverv (styremedlem o.l.) i din partiorganisasjon (Bortsett fra vervet som kommunestyrerepresentant)? Regionalt eller sentralt nivå.

		Passer ikke. Mitt parti har ikke lokalorganisasjon eller jeg er ikke medlem av noe politisk parti	Nei, aldri	Ja, tidligere	Ja, i dag	Total=100 %
Tyskland		8,7	43,4	22,7	25,1	732
Sveits		5,0	61,2	13,3	20,5	1282
Tsjekkia		17,6	46,2	14,7	21,5	578
Nederland		4,3	59,2	29,3	7,2	1113
Italia		9,4	53,5	18,6	18,5	964
Sverige		,7	42,7	27,2	29,5	1184
Kroatia		2,6	48,7	27,2	21,5	265
Norge	Store	1,6	57,6	22,9	17,9	107
	Små	1,7	71,9	17,2	9,2	629
Polen		41,0	41,7	10,8	6,5	278
Austerrike		5,4	46,7	12,5	35,3	351
Hellas		19,3	60,7	13,4	6,7	509
Storbritannia		6,1	72,0	14,6	7,2	608
Belgia		5,9	53,0	14,1	27,0	790
Frankrike		18,4	74,1	3,8	3,6	549
Total		7,9	55,0	18,8	18,3	10280

Det er også forholdsvis mange som har tillitsverv på regionalt eller sentralt plan i partia. Det er dei austerriske representantane som oftast har verv på høgre nivå, 35 %. I dei svenske kommunestyra har 30 % av dei folkevalde tillitsverv på høgre nivå. Dermed fylgjer representantane i Belgia, Tyskland, Den Tsjekiske Republik, Kroatia og Sveits der over 20 % har slike tillitsverv i partiet. Igjen er det Polen, Frankrike og Hellas som har flest representantar utan tillitsverv i partia. Men vi ser også at dei norske kommunestyrepræsentantane har forholdsvis få tillitsverv på høgre nivå i partia. Men her er det stor skilnad på representantar frå store og små kommunar. Det er 58 % av representantane i dei større kommunane som ikkje har slike verv mot 72 % av representantane i dei små kommunane. Dersom vi ser tillitsverv på regionalt eller sentralt nivå som ein kanal for å kunne påverke innhaldet i politikken til partia og politikken som blir gjeldande på dei ulike nivåa, er potensialet for slik påverknad klart størst i dei store kommunane. Partia framstår dermed som sterkare formidlarar og samordningskanalar mellom styringsnivåa i store enn i små kommunar.

Kommunestyrepræsentantane blei også stilte overfor fylgjande tre utsegner om partia som dei skulle ta stilling til på ein skala frå 0 til 4:

1. Den lokale partiorganisasjonen har stor innflytelse på vedtak i partiets kommunestyregruppe
2. Partiets kommunestyregruppe har stor innflytelse over den lokale partiorganisasjonen
3. Lederen i partiets kommunestyregruppe informerer og søker vanligvis støtte hos partigruppen når vedtak skal fattes.

Gjennomsnittsverdien til representantane for kvart land er vist i tabell 18.

Tabell 18: Hva er din mening om de følgende utsagn om ditt parti? (Gjennomsnittsverdi. Høgre verdi = meir einig i utsegna.)

		Den lokale partiorganisasjonen har stor innflytelse på vedtak i partiets kommunestyregruppe	Partiets kommunestyregruppe har stor innflytelse over den lokale partiorganisasjonen	Det er viktig for en kommunestyrerepresentant å stemme i tråd med sin kommunestyregruppe*
Tyskland	Gj.snitt	2,41	2,58	
	N	804	806	
Sveits	Gj.snitt	2,52	2,81	
	N	1582	1580	
Tsjekkia	Gj.snitt	2,63	2,82	
	N	537	540	
Nederland	Gj.snitt	2,38	3,00	
	N	1231	1243	
Italia	Gj.snitt	2,86	2,65	
	N	1113	1109	
Sverige	Gj.snitt	3,12	2,91	
	N	1314	1311	
Kroatia	Gj.snitt	2,78	2,06	
	N	274	269	
Norge	Gj.snitt	3,18	3,23	3,27
	N	1117	1115	1118
Små	Gj.snitt	3,14	3,24	2,96
	N	645	645	652
Polen	Gj.snitt	2,09	2,24	
	N	165	155	
Austerrike	Gj.snitt	2,80	3,00	
	N	416	413	
Hellas	Gj.snitt	1,91	2,11	
	N	391	401	
Storbritannia	Gj.snitt	2,12	2,44	
	N	637	634	

		Den lokale partiorganisasjonen har stor innflytelse på vedtak i partiets kommunestyregruppe	Partiets kommunestyregruppe har stor innflytelse over den lokale partiorganisasjonen	Det er viktig for en kommunestyrerepresentant å stemme i tråd med sin kommunestyregruppe*
Belgia	Gj.snitt	2,62	2,75	
	N	807	808	
Frankrike	Gj.snitt	2,14	2,15	
	N	652	641	
Total	Gj.snitt	2,63	2,75	
	N	11040	11025	

* Dette utsagnet blei ikkje brukt i dei andre landa

Middelverdien på skalaen er 2. Høgre verdi enn 2 tilseier derfor at det er fleire representantar som er einige i utsegnene enn som er ueinige. Kommunestyregruppa til partiet og lokalpartiet står sterkast i Norge tett følgd av Sverige. Lokalpartia står også sterkt i Austerrike og Nederland. Veikast står partia i Hellas, Frankrike og Polen. I Norge er det ingen forskjell på vurderingane til representantane i store og små kommunar bortsett frå den siste utsegna. I dei mindre kommunane gir dei folkevalde i mindre grad uttrykk for at det er viktig at kommunestyregruppa er samstemd.

Representasjon

I eit representativt politisk system er forholdet mellom representanten og dei han eller ho representerer grunnleggande viktig. Det er gjennom å kunne påverke representantane at veljarane kan vere med å bestemme innhaldet i den offentlege politikken. Vi skal ta opp tre spørsmål i samband med representasjon: For det første skal vi vise kva oppgåver dei europeiske kommunestyrerepresentantane oppfatar som viktige slik dei opplever det som medlemmer av kommunestyra. Vi skal også vise korleis dei opplever forholdet til administrasjonen i kommunen. I kva grad meiner dei at dei får tilfredsstillande informasjon frå administrasjonen? I tillegg skal vi vise korleis dei folkevalde stiller seg dersom det skulle oppstå konflikt mellom standpunkta til dei veljarane dei representerer, dei partia dei representerer og deira eigne meiningar og standpunkt. Dette dreier seg om det vi kan kalle fokus for representasjon.

Oppgåver

Fordelinga på spørsmålet om viktige oppgåver er vist i tabell 19.

Det er ein gjennomgåande tendens til at representantane legg størst vekt på at oppgåvene deira er å definere hovudmåla for verksemda til kommunen, å kontrollere verksemda og å representere spørsmål og saker som rører seg i lokalsamfunnet. Det er også viktig for representantane i dei aller fleste landa å forklare innhaldet i kommunestyrevedtaka for borgarane, men Norge skil seg her ut ved at forklaringsbehovet synes langt mindre både i større og mindre kommunar. Vi kan også merke oss at omsynet til partia og til å kunne gjennomføre partiprogrammet er viktig i Sverige, Norge og Austerrike medan dette omsynet står klart veikast i Frankrike og Polen.

Ut frå dette ser det ut som det er særleg to sider ved representantrolla som blir oppfatta som viktig. Den sida som representantane synest å ha mest auge for er det vi kan kalle rollen som strategisk leiar og kontrollør av at resultata som blir nådde er i samsvar med måla som er sette. I kva grad dette er ein rolle som representantane fylgjer i praksis, eller om det er ein rolle til søndagsbruk, i.e. svare «rett» på eit spørjeskjema ut frå kursa kunnskap, er usikkert, men det er kanskje viktig i denne samanhengen å sjå at ei annan side av rollen som også blir framheva, er forholdet til innbyggjarane. Dels gjeld dette at det blir sett som viktig å representere spørsmål og saker som rører seg i lokalsamfunnet, og dels at det er viktig å formidle vedtak for innbyggjarane på ein forståeleg måte.. Dette er ei ombodsrolle. Politikarane står i denne undersøkinga fram som strategar og ombod.

Tabell 19: Ut fra din erfaring som kommunestyrerepresentant, hvor viktige er de følgende oppgavene for deg som medlem av kommunestyret? Gjennomsnittsverdier. N=100 %

		Fastlegge hovedmålene for kommunens virksomhet	Kontrollere kommunens virksomhet	Representere spørsmål og saker som rører seg i lokalsamfunnet	Offentliggjøre debatten om lokale saker før vedtak blir fattet	Forklare vedtak som er fattet i kommunestyret for innbyggerne	Gjennomføre programmet til mitt politiske parti eller bevegelse	Styrke formannskapet/byrådet	Megle i lokale konflikter	Fremme synspunktene og interessene til minoritetsgrupper i lokalsamfunnet	Fremme synspunkt og interesser til kvinner i lokalsamfunnet
Tyskland	Gj.snitt	3,63	3,26	3,40	2,92	3,25	2,62	2,24	2,79	2,53	2,36
	N	871	869	870	870	877	878	876	871	876	874
Sveits	Gj.snitt	3,02	2,86	3,16	2,84	2,73	2,73	2,15	1,98	2,33	2,15
	N	1581	1589	1574	1583	1589	1590	1587	1582	1589	1586
Tsjekia	Gj.snitt	3,52	3,17	3,00	3,01	3,04	2,52	2,63	2,41	2,00	1,97
	N	620	619	616	620	618	617	617	618	618	616
Nederland	Gj.snitt	3,60	3,36	3,23	3,11	3,03	2,91	2,62	2,09	2,55	2,09
	N	1288	1290	1290	1288	1288	1290	1279	1283	1290	1285
Italia	Gj.snitt	3,17	3,25	3,48	2,82	3,08	2,89	2,55	2,70	2,54	2,59
	N	1167	1172	1176	1158	1164	1149	1138	1137	1150	1154
Sverige	Gj.snitt	3,78	3,44	3,46	3,37	3,33	3,39	2,85	2,25	2,77	2,91
	N	1331	1328	1334	1329	1332	1332	1317	1321	1327	1328
Kroatia	Gj.snitt	2,98	2,65	2,94	2,80	2,81	2,74	2,81	2,43	2,26	2,40
	N	299	299	299	298	297	297	297	298	294	297
Norge	Gj.snitt	3,54	2,90	3,41	2,82	2,83	3,36	2,21	1,86	2,60	2,32

		Fastlegge hovedmålene for kommunens virksomhet	Kontrollere kommunens virksomhet	Representere spørsmål og saker som rører seg i lokalsamfunnet	Offentliggjøre debatten om lokale saker før vedtak blir fattet	Forklare vedtak som er fattet i kommunestyret for innbyggerne	Gjennomføre programmet til mitt politiske parti eller bevegelse	Styrke formannskapet/byrådet	Megle i lokale konflikter	Fremme synspunktene og interessene til minoritetsgrupper i lokalsamfunnet	Fremme synspunkt og interesser til kvinner i lokalsamfunnet
Store	N	1119	1121	1121	1118	1122	1122	1114	1118	1121	1121
Små	Gj.snitt	3,52	2,75	3,43	2,71	2,83	3,09	2,37	1,86	2,47	2,41
	N	658	657	657	655	658	658	651	655	657	658
Polen	Gj.snitt	3,50	2,80	3,55	2,90	3,21	1,61	2,84	3,17	2,73	2,24
	N	321	323	325	323	325	316	324	323	323	320
Austerrike	Gj.snitt	3,67	3,35	3,51	2,90	3,27	3,25	2,58	2,97	2,83	2,88
	N	432	431	429	429	420	432	430	426	429	429
Hellas	Gj.snitt	3,63	3,53	3,64	3,29	3,36	2,75	3,24	3,25	2,88	3,06
	N	508	509	510	509	510	508	508	508	510	510
Storbritannia	Gj.snitt	3,10	3,04	3,50	2,97	3,17	2,44	2,36	2,73	2,63	2,28
	N	673	675	679	679	678	673	667	676	675	668
Belgia	Gj.snitt	3,09	3,13	3,31	3,11	2,96	2,79	2,13	2,35	2,70	2,32
	N	836	839	844	844	845	846	839	843	842	840
Frankrike	Gj.snitt	3,29	2,86	3,33	3,09	3,28	1,79	2,13	2,65	2,34	2,40
	N	699	695	694	691	702	669	667	697	693	693
Total	Gj.snitt	3,39	3,14	3,35	3,00	3,07	2,81	2,47	2,41	2,54	2,40

		Fastlegge hovedmålene for kommunens virksomhet	Kontrollere kommunens virksomhet	Representere spørsmål og saker som rører seg i lokalsamfunnet	Offentliggjøre debatten om lokale saker før vedtak blir fattet	Forklare vedtak som er fattet i kommunestyret for innbyggerne	Gjennomføre programmet til mitt politiske parti eller bevegelse	Styrke formannskapet/byrådet	Megle i lokale konflikter	Fremme synspunktene og interessene til minoritetsgrupper i lokalsamfunnet	Fremme synspunkt og interesser til kvinner i lokalsamfunnet
	N	11745	11759	11761	11739	11767	11719	11660	11701	11737	11721

Informasjon frå administrasjonen

Når kommunalt styr og stell blir diskutert og kommentert høyrer ein ofte påstandar om at det eigentleg er administrasjonen, og kanskje særleg rådmannen, som styrer. Eit vilkår for at dei folkevalde ikkje berre skal strø sand på framlegga frå administrasjonen, men at dei reelt skal kunne styre, er at dei får tilfredsstillande informasjon frå administrasjonen i kommunen. Tabell 20 viser kor tilfredsstillande representantane vurderer den informasjonen dei får frå kommuneadministrasjonen, å vere.

Tabell 20: Får du tilfredsstillende informasjon fra kommuneadministrasjonen slik at du kan utføre arbeidet ditt som kommunestyrerepresentant?

		Fullstendig utilfredsstillende	I hovudsak lite tilfredsstillende	Verken eller	Tilfredsstillende	Fullt ut tilfredsstillende	Total=100 %
Tyskland		2,2 %	3,5 %	22,3 %	48,4 %	23,7 %	879
Sveits		1,5 %	7,3 %	13,3 %	58,9 %	19,0 %	1593
Tsjekia		,8 %	5,9 %	14,9 %	43,9 %	34,5 %	624
Nederland		1,4 %	9,0 %	20,5 %	60,1 %	8,9 %	1267
Italia		3,6 %	12,8 %	15,9 %	43,6 %	24,1 %	1173
Sverige		1,9 %	5,2 %	12,7 %	59,9 %	20,3 %	1330
Kroatia		3,0 %	7,2 %	11,2 %	47,0 %	31,6 %	304
Norge	Store	1,0 %	5,3 %	14,2 %	58,8 %	20,8 %	1122
	Små	1,4 %	7,0 %	18,8 %	59,7 %	13,1 %	655
Polen		4,6 %	10,1 %	11,6 %	34,9 %	38,8 %	327
Austerrike		2,1 %	9,5 %	18,6 %	45,3 %	24,4 %	430
Hellas		9,4 %	10,4 %	18,8 %	40,3 %	21,1 %	511
Storbritannia		3,1 %	5,7 %	14,8 %	58,2 %	18,2 %	682
Belgia		4,1 %	13,8 %	17,6 %	43,9 %	20,6 %	848
Frankrike		3,4 %	14,3 %	16,8 %	42,9 %	22,7 %	714
Total		2,6 %	8,3 %	16,0 %	51,7 %	21,4 %	1180

Det er klare skilnader mellom landa i kor tilfredse kommunestyrerepresentantane er med den informasjonen dei får frå kommuneadministrasjonen. Om vi ser på kor mange som er tilfredse fullt ut, er det dei tre tidlegare kommunistiske landa Polen, Den Tsjekiske Republikk og Kroatia som rangerar høgast. Dersom vi slår saman dei som er nøgde og dei som er nøgde fullt ut, er det representantane i Sverige og Norge som er mest nøgde saman med representantane i Kroatia og Den Tsjekiske Republikk. I Polen er det mange som er fullt ut nøgde, men det er også ei forholdsvis stor gruppe som er misnøgde med den informasjonen dei får frå administrasjonen.

Mest misnøgde både sett ut frå kor mange som svarar at dei er nøgde og kor mange som svarar misnøgde, er representantane i Hellas, Belgia, Frankrike og Italia.

I Norge er representantane i dei små kommunane noko mindre tilfredse med den informasjonen dei får frå administrasjonen enn representantane i dei større kommunane.

Fokus for representasjon

I eit representativt demokratisk politisk system styrer veljarane berre indirekte gjennom dei valde representantane. Dei folkevalde skal representere veljarane og tale på deira vegner. Men veljarane er inga homogen gruppe. Dei er oppdelte etter sosial bakgrunn, etter næringsinteresser, etter geografisk område osv. Spørsmål 16 hadde følgjande ordlyd og prøvde å fange inn representasjonsfokus til representantane, det vil seie kva grupper dei folkevalde tek mest omsyn til når dei treff avgjerder i kommunestyret eller andre kommunale organ: «Hvor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representere følgende gruppers interesser?». Svaralternativa var «4. Svært viktig», «3. Nokså viktig» «2. Middels viktig», «1. Lite viktig», og «0. Ikkje viktig i det hele tatt». Tabell 21 viser korleis gjennomsnittet av representantane i kvart av landa svarar.

Tabell 21: Hvor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representere følgende grupper sine interesser?

		Heile kommunen	Etniske minoriteter	Kvinner	Arbeiderar	Middelklassen	Lokale næringsdrivande	Bønder	Religiøse grupper/kyrkja	Mottakarar av bestemte kommunale tjenester	Svakstilte innbyggjarar	Eit bestemt geografisk område av kommunen
Tyskland	Gj.snitt	3,60	1,94	2,11			2,30	1,87	1,69	1,70	2,64	2,38
	N	887	870	874			881	871	876	864	883	879
Sveits	Gj.snitt	3,26	1,86	2,13			2,44	1,53	1,10	1,58	2,48	1,96
	N	1592	1577	1588			1590	1575	1586	1573	1586	1589
Tsjekkia	Gj.snitt	3,56	1,73	2,03	2,02	2,22	2,12	1,74	1,32	2,12	2,22	2,06
	N	622	615	619	615	615	616	613	610	612	614	612
Nederland	Gj.snitt	3,34	1,82	1,88	2,12	2,02	2,14	1,93	1,18	1,38	2,76	2,22
	N	1281	1275	1279	1277	1276	1281	1269	1275	1272	1280	1279
Italia	Gj.snitt	3,68	2,44	2,79	3,15	2,74	2,41	2,31	2,05	2,16	3,25	2,09
	N	1179	1137	1153	1148	1140	1140	1128	1140	1120	1150	1122
Sverige	Gj.snitt	3,73	2,79	2,95	2,89	2,66	2,87	2,35	1,78	2,31	3,14	2,08
	N	1320	1302	1311	1302	1303	1309	1304	1306	1293	1300	1302
Kroatia	Gj.snitt	3,47	2,22	2,63	3,03	2,81	2,46	2,62	1,96	2,05	2,90	2,30
	N	298	287	288	288	287	287	285	286	278	291	283
Norge Store	Gj.snitt	3,79	2,33	2,37	2,64	2,34	2,69	2,12	1,67	2,65	3,20	1,76

		Heile kommunen	Etniske minoritetar	Kvinner	Arbeiderar	Middelklassen	Lokale næringsdrivande	Bønder	Religiøse grupper/kyrkja	Mottakarar av bestemte kommunale tjenester	Svakstilte innbyggjarar	Eit bestemt geografisk område av kommunen
	N	1115	1115	1114	1114	1114	1116	1116	1109	1111	1116	1116
Små	Gj.snitt	3,85	2,13	2,47	2,67	2,44	2,91	2,65	1,82	2,59	3,10	1,85
	N	658	651	654	651	649	655	653	653	652	651	652
Polen	Gj.snitt	3,55	1,29	2,12	2,22	2,30	2,41	2,03	1,76	2,41	2,76	2,54
	N	320	313	320	318	315	316	318	313	317	324	323
Austerrike	Gj.snitt	3,63	2,23	2,66			2,39	1,94	1,54	2,03	2,86	2,70
	N	430	426	432			433	432	431	432	433	433
Hellas	Gj.snitt	3,83	2,91	3,12	3,37	3,35	2,82	3,17	2,32	2,69	3,44	3,02
	N	511	509	510	511	510	506	503	508	507	508	508
Storbritannia	Gj.snitt	3,71	2,50	2,49	2,61	2,28	2,39	1,95	1,78	1,89	2,84	2,66
	N	675	651	655	656	653	658	646	655	639	660	661
Belgia	Gj.snitt	3,57	2,11	2,30	2,49	2,47	2,18	2,19	1,36	1,88	2,75	2,11
	N	847	826	828	837	831	828	830	827	820	836	827
Frankrike	Gj.snitt	3,70	1,95	2,42	2,54	2,57	2,74	1,89	1,20	2,42	3,12	2,49
	N	705	652	673	669	669	668	631	655	657	670	673
Total	Gj.snitt	3,58	2,17	2,40	2,64	2,48	2,46	2,06	1,56	2,03	2,88	2,21
	N	11782	11555	11644	8735	8713	11629	11521	11577	11495	11651	11607

Tradisjonelt har det vore geografi, klasse og parti som har vore lagt vekt på som fokus for representasjon. Vi ser av denne tabellen at gjennomsnittssvara for representantane i alle land er at dei representerer heile kommunen. Dei meiner først og fremst at det er viktig å ta vare på interessene til alle veljarar. Det heng truleg saman med ei oppfatning av kommunen som ein organisasjon utan dei heilt store konfliktane. Dernest er det i alle land slik at dei folkevalde meiner det er viktig å ta omsyn til svakstilte innbyggjarar. Vi ser også at det er viktig for mange å representere interessene til ulike klassar, i første rekke arbeidarane. Representantane meiner gjennomgåande at det er minst viktig å representere religiøse grupper eller kyrkja.

Som i dei andre landa, er oppfatninga til dei folkevalde i Norge at det er viktig å tale interessene til heile kommunen. Dernest kjem interessene til svakstilte grupper. Minst viktig meiner dei norske representantane det er å fremje interessene til religiøse grupper og kyrkja. Det er klare skilnader mellom store og små kommunar når det gjeld oppfatning av kor viktig det er å representere lokale næringsdrivande, bønder og religiøse grupper. Det er fleire i småkommunane enn i dei store kommunane som meiner det er viktig å ta vare på interessene til desse grupperingane. Det er også skilnad når det gjeld representasjon av etniske minoritetar, men her er det representantane i dei større kommunane som er mest opptekne av å tale deira interesser.

Eit anna spørsmål som også har å gjere med oppfatninga til representantane om kven dei representerer gjeld haldningane til kor bundne dei meiner dei er av oppfatningane til veljarane samanlikna med eigne oppfatningar og standpunktet til partiet . Fordelinga er vist i tabell 22.

Tabell 22: Dersom det skulle oppstå en konflikt mellom en kommunestyrerepresentants eget standpunkt, standpunktet blant medlemmer av partigruppen i kommunestyret eller standpunktet til velgere, hvordan bør etter din mening et medlem av kommunestyret stemme?

		Stemme ut fra egen overbevisning	Stemme i samsvar med partigruppens standpunkt	Stemme i samsvar med velgernes standpunkt	Total= 100 %
Tyskland		71,5	21,4	7,1	869
Sveits		77,3	13,7	9,0	1508
Tsjekkia		69,1	11,7	19,2	609
Nederland		60,5	31,1	8,3	1275
Italia		62,8	17,9	19,2	1117
Sverige		38,0	48,6	13,3	1304
Kroatia		50,9	18,8	30,3	287
Norge	Store	40,0	52,4	7,6	1104
	Små	55,6	34,1	10,3	639
Polen		62,3	6,6	31,1	305
Austerrike		50,0	39,2	10,8	426
Hellas		51,1	24,8	24,2	509
Storbritannia		57,8	25,0	17,2	621
Belgia		42,0	48,8	9,2	822
Frankrike		76,1	11,2	12,7	686
Total		58,2	28,6	13,2	11442

Det er store variasjonar mellom representantane i dei ulike landa i korleis dei svarar på dette spørsmålet. Gjennomgåande er det likevel slik at i fleirtalet av landa mener representantane at det er viktig å stemme i samsvar med deira eiga oppfatning. Det er særleg tre land som skil seg ut: Sverige, Norge og Belgia. I Sverige er det berre 38 % av representantane som vil velje å fylgje eiga overtyding medan prosentdelen for dei norske representantane er 40 % og talet for Belgia er 42 %. I desse tre landa vel representantane først og fremst å stemme i samsvar med meiningane i partigruppa. Kommunane i Tyskland, Sveits og Frankrike har flest representantar som understrekar at dei stemmer i samsvar med eiga overtyding. Dei landa som har flest representantar som vil fylgje meiningane til veljarane, er dei to tidligare austblokklanda Polen og Kroatia. Det er også mange representantar frå Hellas, Italia og Den Tsjekiske republikk som vil velje å støtte seg på kva veljarane meiner.

I Norge er det klare skilnader på svara til representantane i store og små kommunar. I dei større kommunane tel meininga i partigruppene klart meir enn i småkommunane. Der meiner

fleirtalet av representantane at dei vil støtte seg på eiga overtyding. Og sjølv om det er forholdsvis få som meiner at dei vil stemme i samsvar med kva veljarane meiner, er det fleire i dei små kommunane som meiner det enn i dei store kommunane. Partia står sterkare i store enn i små kommunar. Dette er det same biletet som kom til syne på spørsmålet om kor stor påverknad ulike aktørar hadde på den kommunale politikken.

Vidare kan dei norske resultata i tabell 22 tolkast slik at partifokuset går ut over veljarfokuset. Medan dei norske svara ligg klart over gjennomsnittet med omsyn til parti, ligg dei under gjennomsnittet med omsyn til veljarfokuset. Mykje tyder på at dei folkevalde er skeptiske til å la veljarane få direkte innflytelse over politikken. Det same mønsteret såg vi i samband med demokratireformene (tabell 8): Norske lokalpolitikarar var kritiske til å gje veljarane få innpass i dei politiske prosessane – utanom partia.

Motivasjon og karriere

Til dei mange lokalpolitiske tillitsverva trengst mange som kan gjere ein innsats. Men ofte blir det klagt over at det er vanskeleg å få tak i folk til å stå på liste eller til å sitje i ei kommunal nemnd. Rekruttering til lokalpolitikken har vore eit tema som har oppteke mange, ikkje minst dei som arbeider med nominasjonar i partia.

I studiar av politisk rekruttering er det vanleg å skilje mellom utveljing på den eine sida og sjølvutveljing på den andre sida. Utveljing handlar om det at nokre aktørar, særleg dei politiske partia, aktivt går ut og freistar å rekruttere folk til tillitsverva. Dette kan vi også tenkje på som etterspurnadssida i rekrutteringsprosessen. Men dei som står for utveljinga er avhengige av at det finst eit tilbod av villige rekruttar. Tilbodssida dreier seg om sjølvutveljing. For å studere sjølvutveljing, må ein sjå etter i kva grad einskildpersonar er villige til å ta på seg nominasjon eller verv, kva grunnar dei gjev for å ville eller ikkje ville engasjere seg, og om dei har ambisjonar om ei vidare politisk karriere, anten lokalt eller på andre styringsnivå.

Tabell 23 gjev informasjon om kva det var som motiverte dei noverande folkevalde fyrste gongen dei vart nominerte til ei liste ved eit kommuneval.

Tabell 23: Da du første gang aksepterte å stille som kandidat, hvor viktige var følgende grunner?

		Generell politisk interesse	Mulighet til å få oppmerksomhet rundt behovene til den gruppen jeg representerer	Det er en anledning til å lære noe om hvordan det politiske systemet virker	I kommunestyret kan jeg gjøre en god jobb for det politiske partiet jeg representerer	Mulighet til å kontrollere kommuneadministrasjonen
1 Tyskland	Gj.snitt	3,32	2,80	2,27	1,68	2,08
	N	883	875	885	874	883
2 Sveits	Gj.snitt	3,21	2,69	2,32	2,12	1,73
	N	1599	1585	1595	1594	1594
3 Tsjekkia	Gj.snitt	2,86	2,74	2,06	2,31	1,92
	N	613	610	608	610	605
4 Nederland	Gj.snitt	2,95	2,26	1,75	2,68	2,30
	N	1281	1276	1272	1275	1274
5 Italia	Gj.snitt	3,08	2,53	2,50	2,37	2,14
	N	1157	1140	1146	1137	1131
6 Sverige	Gj.snitt	3,70	3,02	2,80	3,32	1,69
	N	1326	1312	1318	1317	1312
7 Kroatia	Gj.snitt	2,46	2,99	2,13	2,58	2,21
	N	292	287	286	286	286
8 Norge – Store	Gj.snitt	3,41	2,19	2,60	3,11	1,70
	N	1123	1120	1123	1124	1124
Norge – Små		3,14	2,18	2,67	2,91	1,64
		657	657	658	658	658
9 Polen	Gj.snitt	2,05	2,54	1,73	,91	1,93
	N	320	321	320	318	320
10 Østerrike	Gj.snitt	3,43	3,24	2,58	2,06	1,87
	N	433	432	425	425	429
11 Hellas	Gj.snitt	3,07	2,81	2,36	1,94	2,75
	N	511	509	510	510	509
12 Storbritannia	Gj.snitt	2,67	2,14	1,65	2,18	1,87

		Generell politisk interesse	Mulighet til å få oppmerksomhet rundt behovene til den gruppen jeg representerer	Det er en anledning til å lære noe om hvordan det politiske systemet virker	I kommunestyret kan jeg gjøre en god jobb for det politiske partiet jeg representerer	Mulighet til å kontrollere kommuneadministrasjonen
	N	670	659	665	666	664
13 Belgia	Gj.snitt	2,87	2,74	2,26	2,40	1,62
	N	839	836	833	837	831
14 Frankrike	Gj.snitt	2,82	1,85	2,01	1,59	1,86
	N	668	597	626	601	622
Total	Gj.snitt	3,11	2,59	2,27	2,38	1,94
	N	11715	11559	11612	11574	11584

Tabell 23 (forts.):

		Godtgjørelsen fristet meg til å bli kommunestyrerepresentant	Som kommunestyrerepresentant har jeg muligheter for å skaffe meg sosiale kontakter	En plass i kommunestyret kan gi sosial anseelse	Det gir en mulighet for å starte en politisk karriere	Som kommunestyremedlem har jeg anledning til å påvirke avgjørelser i bestemte saker	Det er en samfunnsplikt å engasjere seg i kommunepolitikken dersom man blir spurt om det
1 Tyskland	Gj.snitt	,38	2,09	,77	,66	3,19	2,74
	N	881	882	886	885	884	881
2 Sveits	Gj.snitt	,29	1,99	,74	1,08	3,06	2,48
	N	1593	1590	1590	1592	1597	1601
3 Tsjekkia	Gj.snitt	,30	1,50	1,39	,90	3,02	2,69
	N	606	608	608	607	607	612
4 Nederland	Gj.snitt	,59	1,83	,68	,96	2,63	2,31
	N	1275	1274	1274	1274	1276	1271
5 Italia	Gj.snitt	,34	2,09	1,25	,90	1,85	3,16
	N	1123	1133	1126	1129	1135	1146
6 Sverige	Gj.snitt	,41	1,90	,83	1,07	3,15	2,87
	N	1313	1318	1316	1311	1316	1321
7 Kroatia	Gj.snitt	,49	1,65	1,13	,95	2,49	3,10
	N	283	289	285	283	287	291
8 Norge –	Gj.snitt	,28	1,30	,85	1,14	3,37	2,81

		Godtgjørelsen fristet meg til å bli kommune- styrerepresen- tant	Som kommune- styrerepresen- tant har jeg muligheter for å skaffe meg sosiale kontakter	En plass i kommunestyret kan gi sosial anseelse	Det gir en mulighet for å starte en politisk karriere	Som kommune- styremedlem har jeg anledning til å påvirke avgjørelser i bestemte saker	Det er en samfunnsplikt å engasjere seg i kommunepolitikken dersom man blir spurt om det
Store							
	N	1124	1124	1124	1124	1123	1124
8 Norge – Små	Gj.snitt	,25	1,24	,82	1,05	3,32	2,87
	N	658	656	658	658	658	658
9 Polen	Gj.snitt	,61	2,17	1,40	,97	3,37	2,64
	N	318	318	318	318	323	320
10 Austerrike	Gj.snitt	,57	2,54	1,17	1,20	3,17	2,58
	N	431	426	425	426	423	424
11 Hellas	Gj.snitt	,68	2,11	1,88	1,44	3,03	3,30
	N	510	510	510	510	511	511
12 Storbritannia	Gj.snitt	,62	1,21	,80	1,00	2,60	2,60
	N	663	663	659	659	663	665
13 Belgia	Gj.snitt	,38	2,28	,90	1,05	2,66	2,12
	N	830	834	832	835	832	834
14 Frankrike	Gj.snitt	,31	2,49	,96	,87	2,78	2,81
	N	599	637	622	610	647	665
Total	Gj.snitt	,42	1,91	,96	1,01	2,87	2,69
	N	11549	11606	11575	11563	11624	11666

Ser ein alle landa under eitt, er den viktigaste grunnen for å engasjere seg i lokalpolitisk arbeid at ein er interessert i politikk generelt. Aller viktigast er denne grunngevinga i dei nordiske landa og i Austerrike. Det er rimeleg å sjå dette i samanheng med styrken til dei politiske partia. Partia gjev politikarane ei brei politisk plattform, og partipolitiseringa av kommunane har jamvel vore tolka som eit høve til å kople lokalpolitikarane fri frå bindingar til einskilde grupper eller geografiske område innanfor kommunen (Kjellberg 1965). Av tabell 23 kan vi også lese at det å gjere ein god jobb for det partiet ein representerer, er ein viktig motivasjonsfaktor i dei nordiske landa samanlikna med gjennomsnittet mellom dei europeiske lokalpolitikarane.

Sjølv om den generelle interessa for politikk samla sett er den viktigaste grunnen som dei folkevalde oppgjer, er det også tydeleg at einskildsakene motiverar mange. Ikkje minst gjeld dette i dei nordiske landa. Det tyder på at partia til ein viss grad maktar å fange opp det

engasjementet for einskildsaker som finst i kommunane. Også i Polen er einskildsakene viktige, men her er dei ikkje kopla saman med partia på det viset som vi ser i Norden.

Godtgjersla frå vervet som lokalpolitikar er det som i minst grad har motivert dei spurde. Men i ein del av dei landa der godtgjersle er viktigare enn det totale gjennomsnittet, ser vi også at sosial status er meir enn gjennomsnittleg viktig som motivasjon for å bli lokalpolitikar. Dette gjeld både i Polen og i Hellas. Men sjølv om desse grunnane i Polen og Hellas er meir viktige enn gjennomsnittet, er det andre grunnar som er viktigare. I Noreg er det svært få som oppgjev at dei er opptekne av godtgjersle når dei vel å bli nominert. Dette gjeld både i store og i små kommunar.

Tidlegare har vi vore inne på at lokalpolitikken også kan sjåast på som ein stasjon på vegen til ei lengre politisk karriere. Nokre nyttar eit lokalpolitisk tillitsverv som eit springbrett til ei karriere på meir sentralt nivå. Slike karriereaspirasjonar kan utvikle seg undervegs, når ein får erfaring, men det er også nokre som medvete søker mot lokalpolitikken for å gjere seg aktuelle for ei karriere høgare oppe i det politiske systemet. Når det gjeld karrieremotivet, ser vi at dette er mellom dei minst viktige for lokalpolitikarane i utgangspunktet. Viktigast er dette motivet i Hellas og Austerrike, men også i dei største norske kommunane er det mange som oppgjev politiske karriereambisjonar som motiv samanlikna med det samla gjennomsnittet.

Medan tabell 23 gav eit oversyn over kva som motiverte dei folkevalde i utgangspunktet, syner tabell 24 kva svar respondentane gav på spørsmålet om kva planar dei no har for framtida. Vil dei i det heile teke halde fram som politikarar, og om dei vil halde fram, vil dei bli verande i lokalpolitikken, eller vil dei søkje seg mot verv på meir sentralt nivå?

Tabell 24: Kva planlegger du pr. i dag å gjøre når denne kommunestyreperioden er slutt? Vennligst velg ett av alternativene.

		Jeg ønsker å fortsette som kommunestyremedlem	Jeg ønsker å fortsette min politiske karriere i et høyere politisk tillitsverv i kommunen	Jeg ønsker å fortsette min politiske karriere i et tillitsverv på fylkes- eller nasjonalt nivå	Jeg ønsker ikke å påta meg noen politiske tillitsverv når denne perioden er slutt	Total
1 Tyskland	Antall	588	53	26	210	877
	Prosent	67,0	6,0	3,0	23,9	100,0
2 Sveits	Antall	822	161	198	372	1553
	Prosent	52,9	10,4	12,7	24,0	100,0
3 Tsjekkia	Antall	337	55	46	165	603
	Prosent	55,9	9,1	7,6	27,4	100,0
4 Nederland	Antall	541	241	61	409	1252
	Prosent	43,2	19,2	4,9	32,7	100,0
5 Italia	Antall	334	318	152	297	1101
	Prosent	30,3	28,9	13,8	27,0	100,0
6 Sverige	Antall	517	87	99	409	1112
	Prosent	46,5	7,8	8,9	36,8	100,0
7 Kroatia	Antall	180	29	4	75	288
	Prosent	62,5	10,1	1,4	26,0	100,0
8 Norge – Store	Antall	457	86	106	438	1087
	Prosent	42,0	7,9	9,8	40,3	100,0
Norge – Små	Antall	233	52	32	330	647
	Prosent	36,0	8,0	4,9	51,0	100,0
9 Polen	Antall	195	20	24	81	320
	Prosent	60,9	6,3	7,5	25,3	100,0
10 Austerrike	Antall	264	64	23	73	424
	Prosent	62,3	15,1	5,4	17,2	100,0
11 Hellas	Antall	270	104	31	101	506
	Prosent	53,4	20,6	6,1	20,0	100,0
12 Storbritannia	Antall	437	46	30	127	640

		Jeg ønsker å fortsette som kommunestyremedlem	Jeg ønsker å fortsette min politiske karriere i et høyere politisk tillitsverv i kommunen	Jeg ønsker å fortsette min politiske karriere i et tillitsverv på fylkes- eller nasjonalt nivå	Jeg ønsker ikke å påta meg noen politiske tillitsverv når denne perioden er slutt	Total
	Prosent	68,3	7,2	4,7	19,8	100,0
13 Belgia	Antall	323	204	37	195	759
	Prosent	42,6	26,9	4,9	25,7	100,0
14 Frankrike	Antall	278	118	42	191	629
	Prosent	44,2	18,8	6,7	30,4	100,0
Total	Antall	5543	1586	879	3143	11151
	Prosent	49,7	14,2	7,9	28,2	100,0

Politiske ambisjoner er viktige i eit demokrati. Om tilbodet av rekruttar er magert, blir det færre å velje mellom for dei som leiter etter gode kandidatar til dei politiske tillitsverva. Dessutan, om få ønskjer attval, kan ein seie at veljarane sitt trugsmål om ikkje å stemme på einskildkandidatar, ikkje er så effektivt. Slik sett er ambisjoner ein slags bindemiddel mellom veljarar og valde (Offerdal 1980). Samstundes er det slik at ikkje alle karriereambisjoner rettar seg mot verv i kommunepolitikken. Som vi såg ovanfor, siktar ein del lokalpolitikkarar seg inn mot posisjonar på høgare styringsnivå. Og karrierar som går mellom nivåa kan vere nyttige for kommunane ettersom dei kan bidra til å knyte det lokale tettare til det regionale og det sentrale nivået.

Alt i alt ønskjer om lag halvparten av dei spurde å halde fram som lokalpolitikkarar, men i tillegg til det seier 14 prosent av respondentane at dei kunne tenkje seg eit viktigare verv lokalt enn det dei innehar i dag. Dei resterande 36 prosentane tenkje seg vekk frå lokalpolitikken, men då enten fordi dei vil gje seg med politisk arbeid eller, heilt motsatt, at dei ønskjer seg eit verv på høgare nivå. Men på alle desse svaralternativa er det store variasjonar landa imellom.

Det er rimeleg å sjå alle som ynskjer å halde fram i lokalpolitikken samla, det vil seie dei som oppgjev at dei vil halde fram som lokalpolitikkarar og dei som oppgjev at dei ser for seg ein viktigare posisjon på det lokale nivået. I Austerrike, Storbritannia, Hellas, Kroatia, Tyskland og Belgia finn vi at 70 prosent eller meir ønskjer ei fortsett lokalpolitisk karriere. Den minste delen som vil halda fram i lokalpolitikken finn vi i dei norske kommunane, særleg i dei kommunane som har færre enn 10.000 innbyggjarar. Der er det berre 44 prosent som seier at dei framleis vil vere kommunepolitikkarar. Men i Sverige er det også ein nokså låg del av dei folkevalde som oppgjev at dei vil halde fram som lokalpolitikkarar.

Dei resterande prosentane deler seg mellom dei med såkalla «progressive» ambisjoner (Schlesinger 1966) og dei som vil trekkje seg heilt ut av politikken. Flest med ambisjoner om karriere på høgare nivå finn vi i Italia og Sveits. Elles er det ein ganske liten prosent som siktar mot regionale eller nasjonale politiske tillitsverv. I Noreg finn vi ein ganske klar skilnad mellom dei mindre og dei større kommunane når det gjeld dette spørsmålet. I dei store kommunane er det ein dobbelt så stor andel som i dei små kommunane som ynskjer seg ein karriere på høgare nivå enn det lokale. Dette er noko av det same biletet som vi såg når det galdt kor mange som hadde tillitsverv i partiet på regionalt og sentralt nivå.

Kva så med dei som vil gje seg heilt i politikken? Her skil lokalpolitikarane i dei nordiske landa seg frå andre land sine lokalpolitikarar. I dei minste norske kommunane er det så mange som over halvparten av dei spurde som seier at dei ikkje vil halde fram i politikken, korkje i kommunen eller på noko anna nivå. Men delen er også høg i dei største norske kommunane og i Sverige. I Austerrike, Storbritannia og Hellas ser vi at ikkje meir enn kvar femte lokalpolitikar vil trekkje seg frå politikken.

Men kor mange som vil trekkje seg er eitt spørsmål. Grunnane som politikarane gjev for å trekkje seg er ei anna sak. Ikkje minst er det viktig å sjå kva grunnar som blir gitt i dei landa der flest politikarar uttrykkjer ønskje om å slutte, det vil seie i dei nordiske landa. Tabell 25 gjev eit oversyn over respondentane sine grunnar for å gje seg med politikken.

Tabell 25: Dersom du velger å slutte med politisk virksomhet, kunne du være vennlig å angi hvorfor? (Prosent = gjennomsnitt \times 100)

		Jeg vil konsentrere meg om mitt sivile yrke	Jeg ønsker å arbeide for en frivillig organisasjon	Jeg har gjort min borgerplikt	Jeg føler at politisk arbeid er altfor tidkrevende i forhold til min familie og mitt yrke	Jeg mangler innflytelse (selv, partiet eller kommunen generelt)	Jeg er for gammel	Jeg flytter fra kommunen
1 Tyskland	Gj.snitt	,36	,25	,59	,50	,35	,52	,08
	N	275	264	283	273	274	310	262
2 Sveits	Gj.snitt	,48	,22	,62	,44	,28	,34	,07
	N	370	370	370	370	370	370	370
3 Tsjekkia	Gj.snitt	,51	,16	,51	,41	,24	,29	,06
	N	294	279	281	278	280	289	276
4 Nederland	Gj.snitt	,28	,17	,44	,52	,18	,37	,09
	N	609	591	627	641	595	651	585
5 Italia	Gj.snitt	,48	,39	,59	,57	,13	,21	,04
	N	347	347	364	348	325	336	319
6 Sverige	Gj.snitt	,37	,30	,64	,57	,25	,63	,08
	N	338	325	375	355	332	424	323
7 Kroatia	Gj.snitt	,45	,38	,66	,51	,33	,32	,04
	N	86	84	92	86	81	95	79
8 Norge – Store	Gj.snitt	,48	,24	,45	,50	,11	,24	,06
	N	821	804	827	841	795	830	792
Norge – Små	Gj.snitt	,53	,22	,49	,51	,10	,16	,05
	N	566	557	563	560	553	562	554
9 Polen	Gj.snitt	,23	,13	,38	,31	,30	,34	,06
	N	145	143	151	146	153	149	145
10 Østerrike	Gj.snitt	,52	,23	,50	,63	,33	,42	,09
	N	145	137	141	149	138	148	134
11 Hellas	Gj.snitt	,44	,19	,41	,47	,12	,09	,06
	N	482	481	483	480	479	478	478
12 Storbritannia	Gj.snitt	,17	,20	,63	,59	,30	,60	,15

		Jeg vil konsentrere meg om mitt sivile yrke	Jeg ønsker å arbeide for en frivillig organisasjon	Jeg har gjort min borgerplikt	Jeg føler at politisk arbeid er altfor tidkrevende i forhold til min familie og mitt yrke	Jeg mangler innflytelse (selv, partiet eller kommunen generelt)	Jeg er for gammel	Jeg flytter fra kommunen
	N	114	111	118	120	114	121	113
13 Belgia	Gj.snitt	,34	,25	,73	,51	,43	,67	,08
	N	125	119	139	132	130	164	118
14 Frankrike	Gj.snitt	,31	,26	,70	,58	,32	,53	,12
	N	205	199	235	217	197	257	195
Total	Gj.snitt	,41	,23	,53	,50	,22	,36	,07
	N	4356	4254	4486	4436	4263	4622	4189

Kva grunnar respondentane gjev for å slutte, er viktige. Især har det mykje å seie om grunngevinga hovudsakeleg er negativ, det vil seie om det er trekk ved det politiske arbeidet som støyter politikarane vekk, eller om det er faktorar utanfor politikken som trekkjer dei ut.

Når det gjeld dei norske folkevalde, er biletet interessant. Vi såg ovanfor at norske lokalpolitikarar, var dei som oftast svarte at dei ville slutte med politisk arbeid. Men om mange vil trekkje seg, ser det ikkje ut til å vere på grunn av dårlege erfaringar frå den tida dei har sete i kommunestyret. Dei norske respondentane har tvert om lågast score på spørsmålet om ein opplever å ha for liten innverknad på politikken i kommunen. I staden er det mange av dei norske politikarane som seier at dei vil konsentrere seg om yrket sitt.

Samla sett er den viktigaste grunnen for å gje seg at ein opplev å ha gjort samfunnsplikta si gjennom vervet som kommunepolitikar. Aller viktigast er denne grunnen i Belgia og Frankrike. Men også i Sverige er det nokså mange som opplev dette som ein viktig grunn for å gje seg i kommunestyret. Dei norske politikarane ligg her om lag på gjennomsnittet. Det kan igjen ha samanheng med at ein låg andel i Noreg oppgjev å slutte av di dei er for gamle. Ein korrelasjonsanalyse syner eit nokså tett positivt samband mellom alder og det å ha gjort samfunnsplikta si som grunn for å slutte (Pearson's R = .27 i det europeiske materialet og .21 i det norske materialet).

Oppsummering – Likt og ulikt

Likt

Undersøkinga viser at det på mange områder er heller små skilnader mellom oppfatningane til kommunepolitikarar i Europa. Dei meiner alle at det er viktig for kommunen å trekkje til seg økonomisk aktivitet og å arbeide med å gjere infrastrukturen betre. Dette er vel kjende tonar også i norske kommunar ikkje minst i økonomisk vanskelege tider. Oppfatningane speglar vel også av den dominerande styringsfilosofien kjend under namn som målstyring. Det kan synast som politikaren som strateg har sterk støtte. Det er derfor heller ikkje så uventa at påstanden om at administrasjonen skal halde seg til politisk fastsette mål får stor oppslutning i alle land.

Synet på korleis makt og påverking er fordelt i kommunane er heller ikkje så ulikt frå det eine landet til det andre. Den reelle makta blir knytt til dei som innehar dei formelle institusjonelle posisjonane. Det kan variere litt om det er ordføraren som blir oppfatta som mektigast eller om det er administrasjonen eller det utøvande organet, men formelle ordningar blir oppfatta som grunnlag også for korleis ordningane fungerer i praksis. Det viser seg dessutan at aktørar utanfor dei formelle politiske institusjonane berre i mindre grad blir oppfatta å påverke den kommunale politikken. Av eksterne aktørar er det først og fremst dei politiske partia som blir framheva som viktige. Desse resultatane er interessante med tanke på debatten om nettverkspolitikk og samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Skal ein tru på lokalpolitikkarane, er det lite som tyder på at lokalpolitikken blir stykka opp i mange sjølvstendige avgjerdsarenaer. Sjølv om mange aktørar kan er dregne inn i politikken, er det lokalpolitikkarane som held i taumene.

Når det gjeld reformforslag skil først og fremst direkte val av ordførar seg ut saman med tiltak for konsultasjon med innbyggjarane seg ut. Dette er gjennomgåande i dei fleste landa.

Bakgrunnen til dei folkevalde er i hovudsak slik vi kjenner den frå andre undersøkingar. Den typisk folkevalde er ein middelaldrande mann med høg utdanning og inntekt. Dei fleste har også etter måten lang erfaring frå arbeidet med kommunale saker.

Ulikt

Dei to nordiske landa skil seg likevel ut på fleire områder. Kommunepolitikken i Norge og Sverige har nokre særtrekk som kan vere verdt å framheve. For det første så er dei nordiske kommunalpolitikkarane i mykje større grad enn politikkarane i dei andre europeiske landa opptekne av at det er ei viktig oppgåve for dei folkevalde å sikre innbyggjarane gode tenester. Dette må sjølvstendig sjåast i samanheng med skilnader mellom landa i kor viktige kommunane er som leverandørar av offentlege tenester. Det bør også nemnast at politisk korrupsjon blir oppfatta som eit svært lite problem i Norge og Sverige.

Den sosiale bakgrunnen til representantane i Norge og Sverige er ikkje så ulik representasjonen i dei andre landa. Men det er eit klart unntak når det gjeld representasjonen av kvinner. I dei norske og svenske kommunestyra er denne langt høgare enn i dei andre landa med unntak for Frankrike der kvinnedelen er høgast.

På eitt område skil dei nordiske kommunane seg klart frå dei andre europeiske kommunane: Dei er dominerte av partipolitikk og partipolitikkarar. Dei nasjonale politiske partia gjennomsyrrar heile den politiske kommuneorganisasjonen. Representantane er valde på partilister, dei er aktive medlemmer av partia både på lokalt, regionalt og sentralt nivå. I dei nordiske kommunane står både den lokale partiorganisasjonen og den lokale partigruppa i kommunestyret sterkt. Dei folkevalde oppfattar seg klart som partirepresentantar som skal gjennomføre det partiprogrammet dei er valde på, dei er opptekne av å gjere ein god jobb for partiet og i dei sakene det måtte vere konflikt mellom kva dei sjølve meiner, kva partiet meiner og kva veljarane meiner, så vel dei å halde seg til kva meining partiet står for.

I sær dei norske, men også i ein viss mon dei svenske lokalpolitikkarane framstår som meir kritiske til direktedemokratiske reformer enn kollegene i resten av Europa. Ei mogleg forklaring ligg i den sterke posisjonen til dei nasjonale partia i dei nordiske kommunane. Når partia har eit så sterkt grep om lokalpolitikken, frå val til vedtak, er det kanskje ikkje til å undrast over at dei politikkarane som er på innsida av dette systemet ønsker å kanalisere

deltakinga gjennom partia. Dei er institusjonsforsvararar som meiner at deltakinga helst bør gå «tenesteveg» (Offerdal 2003).

Dei nordiske kommunestyremedlemmene er mindre motiverte til å ta imot attval enn dei folkevalde i resten av Europa. Norge har tradisjonelt hatt eit stort fråfall av representantar frå val til val, men vi ser at i denne undersøkinga er Sverige meir likt Norge enn noko av dei andre landa. Men dei trekkjer seg ikkje fordi dei er lei politisk arbeid, men fordi dei har gjort borgarplikta si og fordi det politiske arbeidet kjem i konflikt med arbeidet i det yrket dei har.

På eitt område skil Norge seg markert frå resten av Europa og i ein viss mon også frå Sverige: Dei norske kommunepolitikarane er vakse opp i eit miljø der det i to generasjonar har vore nære slektningar som har hatt politiske tillitsverv. Det er 55 % av representantane i dei større norske kommunane som har det mot 44 % i Sverige og langt mindre i dei andre landa. I dei små kommunane i Norge er det 59 % som har slik erfaring. Dette er truleg resultat av at det i Norge er forholdsvis mange kommunestyremedlemmer og at utskiftinga frå val til val er stort. Det gir mange borgarar politisk erfaring og politisk kunnskap.

Litteratur

- Bäck, H., A. Offerdal og J. Aars (2005): *Partikommunens oppgåing och fall*. In Demker, M. og Svåsand, L. (red.): Partiernas århundrade . Stockholm: Santérus.
- Bäck, Henry, Heinelt, Hubert og Magnier, Annick (red) (2006): *The European Mayor. Political Leaders in the Changing Context of Local Democracy* (Wiesbaden: VS Verlag Für Sozialwissenschaften).
- Heinelt, H. og N. Hlepas (2006): Typologies of Local Government Systems. In H. Bäck, H. Heinelt & A. Magnier (red.), *The European Mayor. Political Leaders in the Changing Context of Local Democracy* (21–42). Wiesbaden: VS Verlag Für Sozialwissenschaften.
- Hjellum, T. (1967): *Partiene i lokalpolitikken: en analyse av politiseringen av lokaltstyret i Norge: Endringsrater, forklaringsfaktorer og virkninger*. Oslo: Gyldendal.
- Kjellberg, F. (1965): «Politisk lederskap i en utkantkommune», *Tidsskrift for Samfunnsforskning*, 1:74–90.
- Larsen, H.O. og A. Offerdal (1992): *Demokrati uten deltakere? Arbeidsvilkår og lederroller i kommunepolitikken*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Larsen, H.O. og A. Offerdal (1994): *Demokrati og deltakelse. Norske kommuner i nordisk belysning*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Lukes, S. (2005): «Power and the Battle for Hearts and Minds», *Millennium: Journal of International Studies* 33(3):477–93.
- Offerdal, A. (1980): *Politiske ambisjoner - bindemiddel i lokalstyringa?* Institutt for offentlig administrasjon og organisasjonskunnskap. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Offerdal, A. (2003): Politisk deltakelse – er den så nøye da?, *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift*, 19:360–376
- Ringkjøb, H.-E. (2004): *Partia i lokalpolitikken*. Rapport nr. 89 (2004). Bergen: Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.
- Schlesinger, J.A. (1966): *Ambition and Politics. Political Careers in the United States*. Chicago: Rand McNally & Company.
- Sharpe, L.J. (1970): «Theories and Values of Local Government» i *Political Studies* Vol. XVIII, 2:153–174.
- Skare, A. (1996): «Jo mer lokalpolitikk, dess mindre partipolitikk. Om partienes rolle i lokalpolitikken», i *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift*. (12)3/4:239–268.
- Szücs, S. og L. Strömberg (2006): *Local Elites, Political Capital and Democratic Development: Governing Leaders in Seven European Countries* (Wiesbaden: VS Verlag für Sozialwissenschaften).
- Vetter, A. (2002): «Local Political Competence in Europe: A Resource of Legitimacy for Higher Levels of Government?» *International Journal of Public Opinion Research* 14, 1:3–18.
- Østerud, Ø., F. Engelstad og P. Selle (2003): *Makten og demokratiet. En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen*, Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Aars, J. (1998): *Rekruttering og personskifte i lokalpolitikken. En sammenligning av Finland og Norge*. Dr. polit.-avhandling. Rapport nr. 58. Bergen: Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.